FORMIDLINGSPLAN
VEST-TELEMARK MUSEUM

2026-2031



Motorbåten Fyresdølen kjem til Folkestadbyen. Foto: Olav S. Nylid (1866-1951), 1914

INNHALD

1. GENERELL DEL 3

1.1 **Innleiing** 3
1.1.1 Formidlingsavdelinga 4

1.2 **Hovudmål og føringar** 5
1.2.1 Interne hovud- og resultatmål 5
1.2.2 Eksterne føringar: relevans og mangfald 6
1.2.3 Born og unge 7
1.2.4 Oppleving og tilpassing 7
1.2.5 Medverknad og relevans 8
1.2.6 Bruk av teknologi 8
1.2.7 Eit metodisk utgangspunkt 9
1.2.7.1 Forteljing gjennom objekt 9
1.2.7.2 Forteljinga bak forteljinga 10
1.2.8 Etikk 10

1.3 **Tverrfagleg samarbeid** 10
1.3.1 Publikumsarbeid 11
1.3.2 Samlingsformidling 11
1.3.2.1 Fysiske gjenstandar/objekt 12
1.3.2.2 Bygningar 12
1.3.2.3 Immateriell kulturarv 13
1.3.2.4 Dokumentasjon 13
1.3.3 Bygningsvern 13
1.3.4 Forsking 13
1.3.5 Prosjektarbeid 14
1.3.5.1 Interne prosjekt 14
1.3.5.2 Eksterne prosjekt 14
1.3.6 Fysisk eigenproduksjon 15
1.3.6.1 Design, plotting, cutting mm. 15
1.3.6.2 Bygging 15
1.3.7 Samarbeid med lokalstyra 16

1.4 **Fokus på handverksformidling** 16

2. FORMIDLINGA VED VTM 18

2.1 **Basisforteljinga** 18
2.1.1 Historiske grunnlinjer 18
2.1.2 Refleksjon og kritikk 20
2.1.3 Ufortalt historie 20
2.1.4 Stadbasert læring 20
2.1.5 Rundturar 21

2.2 **Utandørs miljø** 21
2.2.1 Bygdetun 21
2.2.2 Vandreruter og kulturstiar 23
2.2.3 Aktivitetspark 23

2.3 **Utstillingar** 24
2.3.1 Basisutstillingar 24
2.3.2 Temporærutstillingar 25
2.3.3 Vandreutstillingar 26
2.3.4 Digitale utstillingar 26

2.4 **Tilrettelagt formidling** 28
2.4.1 DKS og grunnskular 28
2.4.2 Kulturtanken / VGS 29
2.4.3 Barnehagar 29
2.4.4 Funksjonsnedsette 29
2.4.5 Minoritetar 30
2.4.6 Eldre 30
2.4.7 Språk 31

2.5 **Fleirmedial og digital formidling** 31
2.5.1 Heimeside 31
2.5.2 Sosiale medium 32
2.5.3 Museumsappen 32
2.5.4 Fleirmedial formidling 32
2.5.5 Interaktivitet 33

2.6 **Aktivitetar og arrangement** 34

2.7 **Utgjevingar** 34
2.7.1 Bøker, hefte og katalogar 34
2.7.2 Artiklar 35
2.7.3 Film, foto og lydopptak 35
2.7.4 Digital publisering 35

2.8 **Intern opplæring** 36
2.8.1 Guideopplæring 36
2.8.2 Guideressursar 36

3. EININGAR VED VTM

3.1 **Vest-Telemark Museum Eidsborg** 37
3.1.1 Formidlingsarenaer
3.1.2 Utstillingar
3.1.3 Aktivitetar og tilstellingar
3.1.4 Utviklingspotensiale

3.2 **Norsk Skieeventyr** 39

3.3 **Grimdalstunet** 41

3.4 **Åmdals Verk gruver** 43

3.5 **Kviteseid bygdetun** 45

3.6 **Øyfjell bygdemuseum** 46

3.7 **Kunstmusea i Rauland** 48

3.8 **Smørklepp kunstmuseum** 50

3.9 **Fyresdal bygdemuseum** 51

3.10 **Myllarheimen** 53

3.11 **Andre formidlingsstader** 54

4. TILTAKSPLAN (oppdaterast årleg) 55

I – GENERELL DEL

1.1 Innleiing

Vest-Telemark Museum (VTM) er eit konsolidert regionmuseum i øvre Telemark, organisert som ei stifting skipa i 2002 av 13 museumseiningar i kommunane Tokke, Vinje, Kviteseid, Fyresdal og Seljord.

VTM driv i dag (2026) 11 publikumsopne einingar/visingsarenaer i fire av desse kommunane:

Tokke:	Vest-Telemark Museum Eidsborg (hovudeining)	VTME
	Anne Grimdalens minne (Grimdalstunet) i Skafså	AGM
	Åmdals Verk gruver	ÅVG
Vinje:	Dyre Vaa-samlingane på Rauland	DVS
	Knut Skinnarland-samlinga på Rauland	KSS
	Smørklepp kunstmuseum (Henrik Sørensen og Harald Kihle)	SKM
	Øyfjell bygdemuseum	ØB
	Myllarheimen i Arabygdi	MH
Kviteseid:	Norsk Skieventyr i Morgedal	NSE
	Kviteseid bygdetun	KB
Fyresdal:	Fyresdal bygdemuseum	FB

Knytt til tre av einingane har VTM òg ansvar for formidling ved to kyrkjer og ein husmannsplass:

Tokke:	Eidsborg stavkyrkje (ved VTME)
Kviteseid:	Øverbø (Sondre Norheim sin fødestad, ved NSE)
	Kviteseid gamle kyrkje (ved KB)

Ved Dalen bryggje har VTM ansvar for formidling av fløytingshistorie ved den gamle utslagsplassen (utandørs). Ei innandørs utstilling om historia til Telemarkskanalen i pakkhuset blei avvikla i 2023.

I Seljord nyttar VTM Gongestogo på Dyrskuplassen til formidlingsaktivitetar, i tillegg til Hall B mm. i samband med arbeidet VTM gjer for husflid- og handverksutstillingar ved den årlege Dyrsku'n.

Den sjette kommunen i Vest-Telemark, Nissedal, var ikkje med i konsolideringa i 2002, men reknast likevel som ein del av museet sitt naturlege omland.

Einingane er svært ulike i storleik og innhald, og dei fleste er sett saman av fleire forskjellige formidlingsarenaer. Totalt sett driv VTM i dag formidling på, for og ved hjelp av:

- 10 historiske bygdetun / gardar / stoger (til saman 91 bygningar)
- 5 permanente kultur- og handverkshistoriske utstillingar
- 9 permanente kunstutstillingar (blant desse 5 med skulpturar)
- 3 historiske heimar (Myllarguten, Anne Grimdalen, Sondre Norheim)
- Eit historisk bergverk (gruver, skjerp, kulturminne)
- 2 mellomalderkyrkjer (eigd av den norske kyrkja)
- 6 faste utstillingslokale med høve for årlege temporærutstillingar
- 4 faste gallerilokale med høve for årlege aktuelle kunstutstillingar
- To familiepark med vassbasert aktivitet, derav ein med handverk, landbruk og leikar
- Eit visingssenter for vasskrafthistorie (i samarbeid med Statkraft).

På fem av einingane er det publikumsfasilitetar som omfattar kafé/bevertning og butikk/utsal.

I museumssesongen (mai/juni – aug/sept) er det bemanning med museumsvertar/omvisarar på 10 museum, medan Myllarheimen er ubemanna men tilgjengeleg for publikum ved sjølvsyn og digital formidling utandørs. Alle arenaer er opne for førehandstinga gruppeomvisingar heile året, så langt vêret og føret tillét det. Sjå del 3 av denne planen for detaljar om einingane.

I 2025 forvalta VTM 22.592 gjenstandar, 2096 kunstverk, 114.067 fotografi, ca.12.500 bøker og 256 privatarkiv (for detaljar sjå: Samlingsgplan 2026-2029 og museumsstatistikken for 2025). I tillegg kjem ei historisk gruve, over 90 antikvariske bygningar og 12 andre museumsbygg.

Den største bemanna arenaen (museet i Eidsborg VTME) har over 12.000 besøkande årleg. Totalt ligg besøkstalet på oppunder 30.000 i året (2025-tal) på alle einingar samla (utanom utstillinga på Dyrsku'n).

Geografisk ligg dei fleste av museumseiningane langt frå kvarandre – innanfor ein sirkel med diameter på over 100 km. Dei er bundne saman av nokre få hovudvegar som gjer det mogleg å besøke dei på ein biltur «Vest-Telemark rundt», utan å måtte køyre same veg to gonger. Skal ein besøke alle stader og få med seg alle utstillingar, treng ein minst tre dagar.

Generelt kan ein seie at VTM er kjenneteikna av spreidd mangfald med til dels særs forskjellige tema som representerer fire kulturhistoriske hovudforteljingar om regionen:

- kulturhistorie og folkekunst frå 1600-talet til nyare tid
- industri- og bergverkshistorie frå 700-talet til 1950-talet
- skihistorie frå ca. 1850 til i dag
- skulptur og måleri med band til Vest-Telemark frå store delar av 1900-talet.

Sjå elles del 2 av denne planen.

1.1.1 Formidlingsavdelinga

Formidlingsarbeidet ved VTM er lagt til ei eiga avdeling, som i 2026 består av ein formidlingsansvarleg (100% stilling) og ein museumspedagog (50% stilling). Ansvaret for museumssesongen med ca. 45 sesongtilsette omvisarar/museumsvertar er lagt til publikumsavdelinga. Formidlingsavdelinga har eit medansvar for opplæring av sesongtilsette, men har elles hovudansvaret for:

- vedlikehald og oppdatering av dei permanente utstillingane ved alle einingar
- planlegging og produksjon av nye, oftast temporære utstillingar og installasjonar
- utgjevingar som bøker, brosjyrar og informasjonshefte
- vedlikehald og drift av audiovisuelle tekniske/digitale innreiingar/installasjonar
- design og produksjon av skilt, plansjar, banner, kart, samt lyd og video
- formidlingstiltak for born og unge, Den Kulturelle Skulesekken (DKS), og spesielle målgrupper
- prosjektleiing, søknadskriving og langsiktig planlegging.

Formidlingsavdelinga gjennomfører òg gruppeomvisingar ved alle einingar heile året.

VTM har ingen fast tilsette definerte utstillingsformidlarar eller -kuratorar. VTM sine personalressursar på formidlingsområdet kan seiast å vere små med omsyn til tilfanget av tema, formidlingsarenaer, formidlingsmåtar og pålagte oppgåver.

Mål for planperioden: vidareutvikle bemanninga ved formidlingsavdelinga og auke fokus på born og unge (spesielt innan handverk, jf. 1.4), samt på tilrettelagt formidling og drift (jf. 1.2.2 – 1.2.5 og 2.4).

1.2 Hovudmål og føringar

Retningsgivande for denne planen er museets vedtekne mål og strategiar, i tillegg til kulturpolitiske føringar. I tillegg kjem tendensar innan formidlingsarbeidet slik dei artar seg i dagens museumsverd, med omsyn til mellom anna relevans, pedagogikk og teknologi.

1.2.1 Interne hovud- og resultatmål

Etter konsolideringa 2002-04 har VTM utarbeidd overordna strategiske mål. Desse har sidan 2008 innleia driftsplanane som årleg blir vedtekne av hovudstyret:

> *Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.*
>
> *Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.*
>
> *Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.*

For formidlingsverksemda spesielt er det formulert to strategiske mål:

> *Vest-Telemark Museum skal*
> - *leggje til rette for forsking og formidling i tilknyting til samlingane*
> - *nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.*

Vidare inneheld driftsplanane konkrete årlege resultatmål for formidlingsavdelinga. Desse blei revidert i samband med Stortingsmelding nr. 23 «Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid» (2020-21). I driftsplanen for 2026 lyder dei slik:

Relevant formidling
Vest-Telemark Museum skal skape opplevingar og formidling som gjev oversyn, forståing og stimulerer til kritisk refleksjon i tråd med formidlingsplan.

Resultatmål årleg:
- *leggje til rette for, produsere og halde ved like utstillingane ved VTM:*
  - *produsere temautstillingar ved minst 3 av VTM sine einingar*
  - *vedlikehalde og vidareutvikle dei permanente utstillingane ved minst 2 av VTM sine einingar*
  - *leggje til rette for minst 3 utstillingar i regi av lokalstyra.*
- *produsere minst ei større utgjeving av typen bok, formidlingshefte, utstillingskatalog eller digital tekst*
- *arrangere temaseminar, føredrag, konsertar, demonstrasjonar av tradisjonshandverk og landbruk, historiske turar eller andre markeringar ved minst fem av VTM sine einingar*
- *vidareutvikle tilbodet innan DKS og/eller andre pedagogiske opplegg for born og unge ved å:*
  - *halde talet på deltakarar på over 1000 per år*
  - *utvikle minst eitt nytt tilbod retta mot born og unge og/eller DKS.*
- *Utvikle formidlingstilbodet med tanke på mangfald, universell tilgjenge og inkludering ved å:*
  - *gjennomføre minst eitt formidlingsopplegg som inkluderer medskaping eller medverknad frå publikum*
  - *tilby eit introduksjonsopplegg for innvandrarar i samarbeid med vaksenopplæringa.*

1.2.2 Eksterne føringar: vernebuing, berekraft, mangfald og samfunnsutvikling

I Stortingsmelding nr. 23 «Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid» (2020/21) heiter det:

> *Gjennom målretta tilrettelegging og nyskapande formidling skal musea fremja innsikt og refleksjon. Det inneber at dei som institusjonar må vera med på å rettleia folk, fremja kritisk tenking og læring, og å streva etter kvalitet og kunnskap i den utåt-retta verksemda. Slik er dei ein del av den berande infrastrukturen for demokrati og frie ytringar i samfunnet og bidreg til ei sosialt berekraftig samfunnsutvikling. (side 57)*

I tillegg til ei slik overordna rolla for demokrati og samfunn har det dei siste åra kome til følgjande fokusområde (sitert frå Kultur- og likestillingsdepartementet sin tildelingsbrev 2024):

> *Tryggleik og vernebuing*
> *Mottakarar av tilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet skal ivareta ansvaret sitt innanfor tryggleik og vernebuing. Det vert lagt til grunn at kvar einskild tilskotsmottakar dimensjonerer tryggings- og vernebuingsarbeidet sitt opp mot samfunnsoppdrag, risiko og eigenart. […]*
>
> *Berekraft*
> *Berekraftsmåla åt FN er eit overbygg for den politikken regjeringa fører. Av desse måla er berekraft innanfor klima og miljø eit særskilt prioritert område. Departementet oppmodar tilskotsmottakaren til å vurdera eigen medverknad til å nå berekraftsmåla, ved mellom anna å kartleggja eigne utslepp og setja i verk tiltak for å redusera utslepp. […]*
>
> *Likestilling, mangfald og deltaking*
> *Regjeringa har som mål å redusera ulikskapane i samfunnet og å gje alle like høve til deltaking. Regjeringa vil byggja vidare på og styrkja fellesskapsløysingane i det norske samfunnet.*

I tildelingsbrev frå Telemark Fylkeskommune (2026) er også desse fokusområde nemnde:

> *Redusere sosial ulikhet i helse*
> - *legge til rette for at alle innbyggere har mulighet til å skape, utøve og oppleve et variert kulturliv i hele fylket*
> - *motvirke barrierer som hindrer deltakelse i kultur, reiseliv og et aktivt friluftsliv*
>
> *Skape kompakte og levende byer og bygder med høy kvalitet*
> - *bidra til at både innbyggere og besøkende har tilgang til gode møteplasser og friområder i hele fylket*
> - *arbeide for et inkluderende ytringsklima og bidra til en åpen og opplyst offentlig samtale*
>
> *Gjøre fylket mer attraktivt for bedrifter, besøkende og som bosted*
> - *sørge for at det er mulig å ha opplevelse og kultur som levevei i Telemark*
> - *forvalte og videreutvikle det natur- og kulturbaserte reiselivet i Telemark sammen med relevante samarbeidsaktører*
> - *opprettholde et variert kultur- og fritidstilbud som gjør fylket attraktivt for etterspurt kompetanse i næringslivet*

Samla er dette nokså ulike fokusområde som kvar på sin måte påverkar formidlingsarbeidet ved VTM. Dei kan samanfattast til det å skape eit samfunnsnyttig tilbod som på overordna, regionalt og lokalt plan er ope for alle på ein måte som reduserer ulikskap og utanforskap.

1.2.3 Born og unge

Eit viktig politisk einskildelement er satsinga på born og unge. I Stortingsmelding nr. 23 står det:

> *Å involvera unge i utviklinga av samfunnet medverkar til å gjera dei til meir sjølvstendige borgarar. Dette fremjar demokratisk tankegods og sosial utvikling. For å kunna delta og ha reell innverknad i kulturtilbodet, treng born og unge kunnskap, dugleikar og høve til å påverka det som vedkjem dei. Gjennom å retta seg spesielt mot dei yngre brukargruppene kan musea, med samlingane som sentralt omdreiingspunkt, medverka til at dei får kunnskap og dugleikar som ytringskompetanse, slik at dei kan delta som aktive og reflekterande medborgarar.*

Mange støtteordningar innan kulturformidling inneheld eit insitament om å ta med born og unge som målgruppe i prosjekter det søkast midlar til.

Formidling av kulturarv gjennom musea er og meint å spele ei viss rolle i Den kulturelle skulesekken (DKS) og i andre tiltak med støtte frå både fylkes- og kommunenivå, sjå Stortingsmelding nr. 8 (2007-08).

I 2025 laga Formidlingsavdelinga ved VTM ein eigen formidlingsplan for born og unge («Frå skjerm til esse», 2025-27) som fokuserer på formidling og oppleving av praktisk handverks-tradisjon som eit hovudmål. Dette er eit viktig element i den aktuelle politiske dreiinga vekk frå ein i hovudsak digital (skule-)kvardag, og ein tilsvarande «renessanse» for fysisk og kreativ læring i skulen. Jf. pkt. 2.4 i denne planen.

Musea kan – om dei spelar korta sine rett – ha ei viktig rolle å spele i denne utdannings-politiske utviklinga. VTM ønskjer å ta dette på alvor. Bygginga av eit unikt nytt formidlingsbygg ved museet i Eidsborg (sjå 3.1.4) i 2026 vil mellom anna bidra til å realisere dette målet.

1.2.4 Oppleving og tilpassing

Eit museum er i utgangspunktet for alle, men det er ikkje «alle» som typisk går på museum. Ulike behov og forventingar spelar inn. Det er viktig å motivere nye publikumsgrupper ut frå desse, utan å gløyme dei «sjølvsagte».

Etter formidlingsavdelinga si eiga erfaring har dei fleste museumsbesøkande ei forventing som kombinerer fire element med ulik vekt:

- *A: Eg vil oppleve noko spesielt*
- *B: Eg har lyst til å møte andre (på museet)*
- *C: Eg ønskjer ny kunnskap og innsikt*
- *D: Eg ønskjer formidling tilpassa mine behov.*

Om ein freistar å dele publikum inn litt skjematisk på ein skala frå meir «opplevings-orientert» (A) til meir «tilpassingsavhengig» (D), ser ein kor samansett biletet kan vere:

	A	*B*	*C*	*D*
Tilreisande	**XXX**	XX	X	XX
Lokalbefolkning	XX	**XXX**	XX	X
Born og unge	XX	X	**XXX**	XX
Minoritetar	XX	X	XX	**XXX**
Funksjonsnedsette	XX	X	XX	**XXX**

Med andre ord treng òg opplevingsorienterte turistar tilpassing (til dømes språkleg), medan funksjonsnedsette naturlegvis òg har ønskje om opplevingar.

Formidlinga ved VTM skal difor kombinere desse fem oppgåver:

- Gje publikum ei oppleving utanom det vanlege
- Gjere gamal og ny kunnskap tilgjengeleg og forståeleg
- Formidle i spenningsfeltet attkjenning – utfordring
- Formidle pedagogisk/didaktisk til born, unge og minoritetar
- Syte for universell utforming og ålmenn tilgjenge (så langt det er mogleg).

Å få til dette krev samarbeid og tverrfagleg tenking, sjå pkt. 1.3.

1.2.5 Medverknad og relevans

Sidan den museumspolitiske «dreiinga» på 1990-talet er nokre av musea sine gamle sanningar sett spørsmålsteikn ved, mellom anna når det gjeld korleis dei snakkar til publikum:

- Kven skal museet vere til for?
- Kva for ei forteljing er det museet forvaltar?
- Korleis kan ein betre utnytte publikum sine eigne ressursar?
- Korleis kan museet bli «allemannseige»?

Eintydige svar er ikkje mogleg å gje, men spørsmåla er nyttige i utviklinga av formidlingstiltak. I eit anvendt perspektiv kan dei stillast slik:

- Kva målgruppe skal dette formidlingstiltaket vere retta mot?
- Kva er tiltaket si rolle i forteljinga museet forvaltar?
- Korleis kan publikum bidra?
- Kva skal til for at lokalmiljø og publikum ser på tiltaket som «sitt»?

Eit formidlingstiltak som gjev ei definert målgruppe høve til medverknad og gjenkjenning (og gjerne ei utfordring med utgangspunkt i dette), blir relevant og gjev eigarskap.

Mål for planperioden: Formidlinga ved VTM skal streve etter å vere relevant på denne måten.

1.2.6 Bruk av teknologi

Oppleving og medverknad er to område der formidlingsteknologien har utvikla seg sterkt dei siste tiåra. Stikkord er m.a. digitalisering, audiovisuelle verkemedel, responsiv sensorteknikk, interaktivitet, mobil kommunikasjon, sosiale medium og kunstig intelligens.

Ikkje berre har teknologien blitt enklare og mindre kompetansekrevjande i bruken, kostnadane er òg redusert betrakteleg. Ein underskog av spesialiserte bedrifter og konsulentar gjer dessutan implementering av ny teknologi lettare.

Utan å minske betydinga av «analoge» og tradisjonelle formidlingsgrep som tekstplansjar eller omvising, kan ein trygt slå fast at dagens publikum – og spesielt dei yngre – forventar ein viss standard på dette feltet.

Bruken av såkalla «kunstig intelligens» (KI) høyrer med under dette som ein aktuell teknologi. Eit eksempel er den planlagde formidlinga av rosemåling ved museet i Eidsborg (2027, sjå 2.5.5). KI opnar for nye moglegheiter, men gjev også etiske problemstillingar.

Formidlingsavdelinga må knyte til seg kompetanse på utvikling og drift av ulike digitale verktøy.

I tillegg skal VTM halde seg oppdatert på utviklinga innan museumspedagogikk og didaktikk, som metoden *telling by objects* (sjå pkt 1.2.6) og andre relevante formidlingsteknikkar.

Mål for planperioden: Formidlinga ved VTM skal vere oppdatert og å fornye seg på teknologiområdet og formidlingsdidaktikk. For slik kompetanseheving og -utvikling skal det setjast av midlar på den generelle delen av driftsbudsjettet.

1.2.7 Eit metodisk utgangspunkt

Det er mange innfallsvinklar til museumsformidling, og metoderikdomen er stor.

Her skal det nemnast *tilhøvet mellom objekt og forteljing* som eit fruktbart utgangspunkt i VTM sitt formidlingsarbeid. Dette fordi historia til dei fleste av VTM sine einingar er tett knytt til innsamling av fysiske gjenstandar og bygningar, og fordi denne innsamlinga kan sjåast på bakgrunn av ei overordna forteljing (sjå kap. 2.1).

1.2.7.1 Forteljing gjennom objekt

Telling by objects (pars pro toto) er eit både velkjend og moderne formidlingsgrep. Det tek sikte på å bruke eit eller fleire konkret(e) objekt som kan sansast, som utgangspunkt for ei forteljing om immaterielle høve – «nedanfrå og opp», i motsetnad til ein meir klassisk tradisjonell historieformidling «ovanfrå og ned».

Metoden tek i bruk element frå fenomenologisk medvits- og persepsjonsfilosofi. Materiale, utforming, dekorasjon, plassering, bruk og omtale av eit objekt kan fortelje mykje om mentalitet, evner og livstilhøve hjå menneska som har laga og bruka dei, samt om trekk i tida dei ikkje var medvitne om.

Eit «objekt» kan òg vere ein person, ein bygning, ein stad eller eit fenomen av immateriell art slik det er definert under pkt. 1.3.2.3.

Metoden er t.d. bruka i det kjende prosjektet *A History of the World in 100 Objects* (2010), eit legendarisk samarbeid mellom BBC og British Museum. «Making things, and then coming to depend on things, is what sets us apart from all other animals, and ultimately turns us into the humans we are today», sa BM-direktør Neil MacGregor.

Frå Noreg kan ein nemne tre eksempel i bokform: *Norges historie i 25 ting* (Jørgen Bøckmann mfl., 2013), *Store Spel* om garden Vesaas i Vinje (Arne Vinje, 2019) og *Eit år på Haugo* (Ingebjørg Draugedal, VTM si eiga utgjeving, 2009).

VTM si rike samling av gjenstandar, dokument, visingsstadar og bygningar gjer det nærliggjande å ta i bruk ei slik tilnærming som utgangspunkt for formidling.

1.2.7.2 Forteljinga bak forteljinga

Sjølve den historiske innsamlinga av gjenstandar og bygningar kvilar på si side på ei eiga forteljing. Kvifor blei dei samla, kvifor akkurat her, kvifor akkurat desse? Kva er det som må til for at ein gjenstand skal bli del av ei museumssamling?

Ein stor del av VTM si gjenstands- og bygningssamling er påbyrja tidleg på 1900-talet då det var vanleg å starte bygdemuseum rundt om i Noreg. Nokre av dei aller tidlegaste bygdetuna finn ein nett i Vest-Telemark: Kviteseid bygdemuseum blei skipa i 1907, Fyresdal bygdetun i 1909. For lokalsamfunna, men også nasjonalt var dette viktige grep i oppbygginga av ein norsk identitet etter sjølvstendet i 1905.

I tillegg kjem arven etter nasjonalromantikken som gav regionen Vest-Telemark ei spesiell rolle. Det var folkekunst samt handverks- og byggetradisjon frå fjellområda i Sør-Noreg som i andre halvdel av 1800-talet blei løfta opp som eit bilete på ein opphavleg og «ekte» norsk kultur som hadde overlevd tilsynelatande utan påverknad utanfrå.

Myten om det «urørte» øvre Telemark er i nyare tid blitt sterkt nyansert, men pregar framleis historieoppfatninga hjå mange – og smittar over på den lokale sjølvforståinga.

Å gjere folk medviten om slike underliggjande forteljingar kan vere eit godt hjelpemiddel til ei djupare forståing av korleis historie blir skrive, og korleis den kan endre seg.

Perspektivet fremjar interessante motsetnadar, t.d. mellom måtar minoritetar (som «finner» eller «tatarar») og deira handverk blei framstilt og formidla, eller maktforholda mellom handverkarar (ofte husmenn) og kjøparar (ofte byborgarar, storbønder eller turistar). Å vise korleis utanlandske impulsar har bidrege til å utvikle tradisjonar som blir opplevd som genuint norske, kan vere eit anna tema.

At slike motsetnadar og impulsar kunne vere både sterkare og svakare i øvre Telemark enn andre stader i landet, høyrer med til forteljinga.

1.2.8 Etikk

Når det gjeld etiske grunnreglar, visar ein til ICOM Noreg sitt museumsetiske regelverk (siste utgåve: «Åpent, inkluderende, transparent og profesjonelt», Museumsforbundet 2022) som VTM har slutta seg til. Her er m.a. bruk av sensitivt materiale, personvern, opphavsrett og krav om å kunne etterprøve historiske opplysningar omtalt.

1.3 Samarbeid og tverrfagleg tenking

Sjølv om formidlinga ved VTM er lagt til ei eiga avdeling, kan ho ikkje isolerast frå andre delar av verksemda. Det er naturleg å seie at *alle museumsavdelingar driv med formidling*, t.d. i måten dei møter besøkande på, korleis dei gjer museets samlingar tilgjengelege og klare for bruk, eller i val av tema dei dokumenterer eller forskar på.

Dessutan er det uttalde formidlingsarbeidet avhengig av grunnarbeidet dei andre museumsavdelingane gjer med omsyn til dokumentasjon, konservering, bygningsvern, publikumskontakt mm. Det er og

naturleg at dei andre avdelingane bidreg direkte til den uttalde formidlinga, både praktisk og ved å bidra til planlegging, kvalitetssikring av innhald og ved å føreslå nye tiltak.

På lik linje med at publikum skal kjenne eigarskap til museet, bør dei museumstilsette kjenne eigarskap til formidlinga, og vite om forteljingane museet representerer.

Det same gjeld for dei mange friviljuge som er knytt til museet via lokalstyra, støttegrupper eller historiske foreiningar som støttar opp om formidlingsarbeidet.

Formidlinga bør i val av tema ta omsyn til det som faktisk finst i samlinga eller på bygdetuna.

1.3.1 Publikumsarbeid

Tradisjonelt er det mange overlappingar mellom formidling og publikumsarbeid mot. tilstellingar, pressearbeide, omvisingar, vertskap, digital informasjon, marknadsføring mm.

Aukande fokus på publikum sine behov og museets møteplassfunksjon krev eit tydelegare organisatorisk skilje mellom (innhalds)formidling og publikumsarbeid enn tidlegare. Ved VTM blei difor publikumsarbeid og -kontakt i 2019 lagt til ei eiga avdeling.

Det blei definert ei klårare oppgåvedeling, utan å miste synergien ut av syne:

	Publikumsavdeling	**Formidlingsavdeling**
Museumsvertar	Tilsetting og oppfølging	Opplæring
Ikkje-museumsfaglege tilstellingar	Hovudansvar	Støttefunksjon
Museumsfaglege tilstellingar	Støttefunksjon	Hovudansvar
Gruppeomvisingar	Booking	Kvalitetssikring
Marknadsføring	Hovudansvar	Støttefunksjon
DKS / Kulturtanken mm	Støttefunksjon	Hovudansvar
Pressearbeide	Delt ansvar	Delt ansvar
Heimeside	Hovudansvar	Bidragsytar
Sosiale medium	Hovudansvar	Bidragsytar
Publikumsinformasjon	Hovudansvar	Støttefunksjon
Publikum sin medverknad	Støttefunksjon	Hovudansvar

Publikums- og formidlingsavdelinga er dei to avdelingane som ligg nærast kvarandre når det gjeld utettervendt aktivitet. Eit godt eksempel er å utnytte potensialet i spesifikke tema ved t.d. temporærutstillingar. Kva som finst i butikken, eller på kafémenyen, er viktig for korleis formidlingstiltak appellerer til publikum som ein heilskap. Her ligg det òg høve til inntekter for VTM. Det er viktig at dei to avdelingane har jamleg og god kontakt.

1.3.2 Samlingsformidling

I pkt. 1.2.7 er bruk av konkrete objekt (gjenstandar, bygningar, plassar, personar eller immaterielle fenomen) i formidlinga av ei forteljing skildra som eit utprøvd og effektivt pedagogisk verkemedel uavhengig av formidlingsteknikk eller -teknologi.

Museet sine samlingar av objekt er difor eit naturleg utgangspunkt – og avgrensing – for formidlingsarbeidet ved VTM.

Dette er ikkje uproblematisk. Eit klassisk dilemma i museumsverda har alltid vore motsetnaden mellom bevaring og bruk. Dette er ein legitim konflikt òg med omsyn til formidling.

Tradisjonelt visar motsetnaden seg i to ekstrem: på den eine sida reint monterbaserte formidlingskonsept («sjå, men ikkje rør»), på den andre nokså risikabel bruk av antikvariske bygningar, rom og gjenstandar, gjerne i samband med tilstellingar. Båe tilnærmingsmåtar finn ein framleis ved dei fleste av VTM sine einingar.

I dagens profesjonelle museumsverd blir bevaringstanken teke seriøst på ein heilt annan måte enn før (jf. VTM sine samlings- og sikringsplanar). Men med fokus på auka medverknad for publikum (og t.d. *telling by objects*, sjå 1.2.7.1) kjem òg eit ønske om formidling gjennom taktil oppleving, bruk, stemning, ljos og lukt – til og med temperatur (som ved Åmdals Verk gruver).

«Konflikten» mellom bevaring og formidling kan løysast gjennom tydelege reglar og instruksar som tek omsyn til båe tilnærmingsmåtar. Eit systematisk samarbeid mellom formidlingsavdeling, samlingsavdeling og FDV-avdeling er ein føresetnad for dette.

1.3.2.1 Fysiske gjenstandar/objekt

Som fysiske gjenstandar/objekt reknast alt som har romleg utstrekning, inkludert fotografi, bøker, dokument, kunstverk og anna.

Samlingsavdelinga ved VTM delar museet sine gjenstandar/objekt i ulike kategori ved registrering. Gjenstandar/objekt som kan brukast fysisk med låg risiko, er kategorisert «rekvisitt».

Ved taktil bruk i formidling skal den ansvarlege forsikre seg om at gjenstanden som brukast faktisk er ein rekvisitt. Ved unnatak – og ved all bruk av gjenstandar/objekt som ikkje er rekvisittar – skal formidlar forsikre seg om kva reglar som følgjer gjenstanden for bruk (t.d. hanskar) og lagring (t.d. syrefritt papir), og følgje desse.

Som ein hovudregel skal samlingsavdelinga alltid vere involvert når gjenstandar/objekt frå museet sine samlingar blir handtert, flytta, transportert eller teke fysisk i bruk. Samlingsavdelinga skal difor bli konsultert under utstillingsplanlegging – og kan evt. bidra med utval, handtering og montering.

Ved gjenstandar/objekt som formidlingsavdelinga låner frå private eller andre museum har samlingsavdelinga det formelle ansvaret og skal difor bli teke med på råd, og få utlevert eit offisielt innlånsdokument.

1.3.2.2 Bygningar

I utgangspunktet vil ofte einskilde bygningar vere definerte som meir tilgjengelege og klarerte for bruk i formidling enn andre. FDV-avdelinga har utarbeidd oversyn over alle bygg VTM har ansvar for som tek høgde for dette.

Som ein hovudregel skal FDV-avdelinga vere involvert før antikvariske bygningar på ein av museet sine einingar blir teke fysisk i bruk for første gong, eller når bruksmåten blir endra. FDV-avdelinga skal bli konsultert under planlegging av nye stadbundne formidlingstiltak (sjå 2.1.4) for å kunne lage eller justere førehandsreglar, rutinar og instruksar.

Når det gjeld potensielt farlege bruksmåtar (t.d. fyring i peis) skal det føreligge ei godkjenning frå FDV, og evt. ein rutine som formidlaren må følgje.

1.3.2.3 Immateriell kulturarv

Som immateriell kulturarv reknast alle meiningsberande fenomen som ikkje (opphavleg) er eit fysisk objekt. Ein visar til utgreiinga *Immateriell kulturarv i Norge – en utredning om UNESCOs konvensjon av 17.10.2003 (ABM-utvikling 2010)* der det står:

> *Mondiacult-konferansen [1982] påpekte at kultur også var verdier, handlinger og kreativitet som kom til uttrykk gjennom blant annet språk, ritualer, tro, litteratur, kunst, mattradisjoner, medisin, teknologi, feiringer og håndverk.*

Lydopptak av musikk eller tale, videofesta «taus» kunnskap om t.d. gamle handverks-teknikkar, innhald i privatarkiv og brev, opplysingar som kjem fram i samtalenotat eller forteljingar og songar som er notert ned, fell òg under dette (i tillegg til at dei òg kan vere fysiske objekt).

For immateriell kulturarv som er dokumentert og/eller arkivert i magasinet, gjeld det same som under 1.3.2.1.: at samlingsavdelinga skal bli teke med på råd før bruk. Vurderinga her gjeld ikkje berre fysisk handtering der det er mogleg, men òg etiske forhold som personvern, t.d. ved klausulering eller behov for løyve frå etterletne.

Når nytt immaterielt materiale blir samla inn i samband med eit formidlingstiltak, skal formidlings- og samlingsavdelinga ta ei felles avgjerd om materialet bør lagrast og registrerast inn i samlinga; sjå òg neste punkt.

1.3.2.4 Dokumentasjon

Eit særs viktig element i samarbeidet mellom formidling og samling/FDV er oppdateringa av dokumentasjonen som er knytt til ein gjenstand, ein bygning eller eit immaterielt objekt. Dette er eit område som ofte har blitt forsømt, og som det framleis står att ein del å forbetre på, sidan det er ressurskrevjande.

I samband med utstillingar, tilstellingar eller andre formidlingstiltak kjem det ofte fram nye opplysingar, rettingar av feil i eksisterande dokumentasjon eller heilt nytt materiale (t.d. i form av lydopptak). Det skal vere ein sjølvsagt del av formidlingsarbeidet ved VTM at slike opplysingar og immaterielle objekt blir registrert inn i samlinga og/eller oppdatert.

Formidlingsavdelinga skal difor ha kjennskap til dei viktigaste registreringssystema som samlinga nytter, som Primus, Asta, Micromarc og FAMAC. Formidlingsavdelinga skal få hjelp av samlingsavdelinga og FDV til registrering og oppdatering.

Mål for planperioden: auke fokus ytterlegare på registrering og oppdatering av opplysingar i samarbeid med samlingsavdelinga og FDV.

1.3.3 Bygningsvern

VTM har dei siste åra utvikla tenestar kring utdanning og rådgjeving innan bygningsvern. Dette utgjer eit formidlingspotensiale som til dags dato er for dårleg nytta.

VTM bør gjennom driftsplanlegging og fordeling av personalressursar freiste å gjere noko med dette. Sjå også punkt 1.4 om auka fokus på handverk og handverkstradisjon.

Mål for planperioden: integrere arbeidet med bygningsvern meir i nye og/eller eksisterande formidlingsopplegg.

1.3.4 Forsking

Per dags dato har VTM ikkje noko eiga forskingsavdeling. Det finst likevel ein forskingsplan (2020-25) der det heiter:

> *VTM har til ei kvar tid gåande ulike prosjekt som inneber dokumentasjons- og innsamlingsarbeid. Desse vert gjerne avslutta når restaureringa er fullført, samlinga ordna, utstillinga opna. Det er viktig å vere medviten om at slike prosessar kan ha potensiale for vidare kunnskapsutvikling og forskingsteljande resultat.*

Formidlingsavdelinga har fleire gonger stått for, eller bidrege til, utgjeving av artiklar og bøker i samband med utstillingar og andre formidlingstiltak. Noko av dette har kvalifisert som forsking.

Gjennom personalpolitikk, høve til etterutdanning og driftsplanlegging har VTM mål om å vidareutvikle kompetansen i formidlingsavdelinga (som blant dei andre tilsette) i vitskapeleg og akademisk tekstproduksjon, som eit supplement til ein ofte meir populærvitskapeleg framstilling i formidlingsarbeidet.

1.3.5 Prosjektarbeid

Prosjekt med (delvis) ekstern finansiering har gjennom fleire år bidrege til at formidlings-avdelinga har vore i stand til å gjennomføre tiltak som elles hadde vore for ressurskrevjande. Storleiken har variert frå tilskot på nokre titusen til fleire millionar kroner, og prosjekta utgjer stadig ein viktig del av VTM sin økonomi.

1.3.5.1 Interne prosjekt

Interne prosjekt er oftast knytt til museet sine formidlingsmål og blir utført i hovudsak av formidlingsavdelinga sjølv, i tillegg til gjennom innkjøpte tenester. Det er gjerne snakk om bokutgjevingar, større utstillingar eller t.d. DKS-turnear. Slike prosjekt er ein naturleg del av formidlingsarbeidet, men kan likevel vere avhengig av ekstern støtte.

Bidragsytarar er oftast Kulturrådet, Fritt Ord, Sparebank-stiftingar, Kulturtanken/DKS og private stiftingar.

1.3.5.2 Eksterne prosjekt

Eksterne prosjekt inneber at eksterne aktørar kjøper tenester av formidlingsavdelinga. Slike prosjekt bidreg godt til økonomi, kompetanseheving og nettverksbygging, og dei gjer museet til ein relevant samfunnsaktør for omverda.

Bestillarar dei siste åra har vore Regionalparken Telemarkskanalen, Fyresdal kommune, Tokke kommune, andre museum (som Eva Bull Holtes museum i Seljord og Drangedal bygdetun), eller bedrifter som Statkraft eller Dyrsku'n AS i Seljord.

Ulempa med slike prosjekt er at dei kan drenere formidlingsavdelinga (og andre avdelingar) for interne ressursar. Dei skal difor gjennomførast berre etter nøye vurdering. Ein kan t.d. leige inn ekstra personalressursar for delar av arbeidet, som ved avtala om drift av Husflidstevlinga og -utstillinga for Dyrsku'n frå 2020.

1.3.6 Fysisk eigenproduksjon

VTM sitt formidlingsarbeide skil seg frå ein del andre museum ved at ein sidan etableringa av museumsbygget i Eidsborg i 2011 har satsa på eigenproduksjon av formidlingsmateriale og heile utstillingar med alle fysiske element. Dette har både fordelar og ulemper.

Fordelar:
- betydeleg tidsinnsparing pga. kort avstand mellom planlegging, innhalds-produksjon og fysisk utforming
- større eigarskap i – og ansvar for – formidlingsarbeidet hjå fleire avdelingar, samt kompetanseutvikling
- til dels betydelege økonomiske innsparingar.

Ulemper:
- lågare terskel for å setje i gang ad-hoc-prosjekt, og svekking av langsiktig arbeid og planlegging
- behov for spesialkompetanse i eigen bedrift, og tilsvarande fare for halvgode løysingar når denne ikkje er tilgjengeleg
- beslaglegging av interne ressursar, t.d. i FDV-avdelinga, i lengre periodar
- større avhengigheit av kompetansen til einskildpersonar blant dei tilsette.

Slik situasjonen ved VTM framleis er i dag, kan ein slå fast at denne modellen har gjeve ein mykje større og meir variert produksjon av formidlingstiltak enn det elles ville vært mogleg, samstundes som modellen har påført internressursane periodiske belastingar.

Likevel opplevast fordelane ved å ha eigenproduksjon i huset større enn ulempene, og det er ikkje planlagt noko endring i dette. Det er viktig å ha ulempene i mente ved all planlegging.

Eigenproduksjonen kan grovt sett delast i to hovudområde:

1.3.6.1 Design, plotting, cutting mm.

VTM har pdd. utstyr og kompetanse til å designe og produsere plansjar, foliar, foto/video/animasjon, layout og lyd for bruk i utstillingar og utgjevingar i eige hus. Mesteparten av utstyret blei kjøpt i 2011 og er lokalisert ved hovudbølet i Eidsborg. Plansje-printaren blei fornya i 2023.

Mål for planperioden:

- Fortløpande oppdatering og utskifting av teknisk utstyr
- Oppgradering av relevant intern IT-kompetanse
- Sikring av kompetanseoverføring ved personalskifte
- Sikring av relevant ny kompetanse ved nytilsettingar.

1.3.6.2 Bygging

I FDV-avdelinga til VTM finst mykje byggteknisk kompetanse, både blant tilsette og hjå eksterne handverkarar som leigast inn for oppdrag.

VTM har òg verkstad og maskinar i Eidsborg som gjer bygging av t.d. spesialtilpassa montrar inkl. pleksiglas og belysning mogleg.

Ein ønskjer å halde på denne ressursen inntil det blir bestemt noko anna, under føresetnad at ein tek høgd for dette i driftsplanlegginga.

1.3.7 Samarbeid med lokalstyra

VTM har ein struktur der kvar museumseining har si eiga organisering mot. eigarskap til bygningsmasse og ev. samlingar, og ansvar for lokale aktivitetar. Kvar eining har sitt lokale styre, av historiske grunner ofte forankra i kommunen og/eller ei lokal foreining. Avtalar som fornyast kvart 5. år regulerer ansvarsområde og samarbeid mellom desse og VTM.

Aktivitetsnivået i lokalstyra spenner frå tilnærma fråverande ved nokre få einingar, til svært høg deltaking i planlegging og gjennomføring av museumsarbeidet ved fleire andre.

Dei aktive lokalstyra kan bidra med ei rekkje tiltak knytt til formidling:

- Framlegg til nye lokale formidlingstiltak og aktivitetar
- Bidrag til innhaldsproduksjon for lokale utstillingar
- Planlegging og gjennomføring av (ofte kunst- og sals-)utstillingar i eigen regi
- Omvisingar utanfor sesong
- Praktisk sesongførebuing (t.d. dugnadar)
- Gjennomføring av eigne eller felles aktivitetsdagar.

Et godt samarbeid mellom VTM og lokalstyra er ein heilt naudsynt føresetnad for at museet klarar å gjennomføre sesongen ved alle sine einingar. For å oppnå dette har museet faste kontaktpersonar for kvar eining blant dei tilsette. Desse deltek i lokale styremøte som observatørar og fungerer som lokalstyra sine talerøyr inn i VTM sin organisasjon.

Som eit viktig element i dette melder lokalstyra sine behov og idear skriftleg til VTM sentralt kvar haust.

Lokalstyra inviterast òg til ein årleg fagdag og til årsmøtet i museets representantskap. I tillegg oppfordrast dei til å ha kontakt direkte med kvarandre.

Å vedlikehalde og utvikle lokalstyra sitt eigarskap til den lokale eininga så vel som til VTM som konsolidert museum er ekstremt viktig og nyttig, ikkje berre for formidlingsavdelinga.

Mål for planperioden: vidareutvikle og utvide samarbeidet med lokalstyra og lokale ressurspersonar i samband med nye formidlingstiltak.

1.4 Fokus på handverksformidling

I 2024 vedtok hovudstyret ved VTM ein eiga formidlingsplan for born og unge («Frå skjerm til esse», 2024-2027). Planen skildrar måla ved formidlingstiltak for born og unge ved VTM i detalj, og ein visar til denne for detaljar.

Eit viktig utgangspunkt for planen var den norske regjeringa sitt (enno pågåande) arbeid med nye nasjonale føringar som skal bidra til meir praktisk og kunstnarisk læring i skulen, som eit mottiltak til den omfattande digitaliseringa som har skjedd dei siste to tiåra – òg utanfor skulen.

Denne «dreiinga» mot meir fysisk oppleving, læring og kunstnarisk verksemd som eit naudsynt element i utdanning og oppvekst til borna av i dag gjev musea generelt høve til å ta ei meir aktiv pedagogisk rolle i utdanningssystemet. Utover dette kan musea vere generelle arena for opplevingar og fysiske erfaringar mange born i dag ikkje lengre får i sin kvardag.

VTM har i kraft av den rike handsverkshistoria og dei omfattande fysiske samlingane museet forvaltar særskilde føresetnadar for å fokusere på dette.

Som resultat av dette har VTM sett formidling av handverk og handverkstradisjon høgare opp på dagsorden, noko formidlingsplanen for born og unge ber preg av.

Arbeidet til museumspedagogen – ei stilling oppretta i den førre planperioden – vil vere spesielt knytt til denne planen.

Bygginga av eit nytt og spesielt formidlingsbygg i Eidsborg (i samband med restaurering av Stålekleivloftet, sjå 3.1.4.) i 2026/27 er også eit element i dette.

2 – FORMIDLINGA VED VTM

2.1 Basisforteljinga

I 2013 blei 10 ulike einskildbrosjyrar for VTM sine einingar slege saman til ei felles brosjyre. I samband med dette blei det gjort eit viktig arbeide for om mogleg å setje einingane i ein samanheng, slik at kvar av dei kunne fortelje sin del av ei felles historie om Vest-Telemark.

Denne felles forteljinga har sidan vore retningsgivande for arbeidet med å formidle «heilskap i ulikheita».

2.1.1 Historiske grunnlinjer i formidlinga

Tre «historiske spor gjennom Vest-Telemark» blir i dagens fellesbrosjyre framheva som dei viktigaste:

- mineral- og industrihistorie (jarn, brynestein og kopar)
- bondekultur (folkekunst og byggjeskikk, samt skikultur)
- overgangen frå folkekunst til meir borgarleg kunst (innan skulptur, måleri og musikk).

Spora kjem fram på ulik vis ved dei einskilde einingane, i infrastrukturen rundt dei og gjennom sentrale personar/kunstnarar som er knytt til dei:

Jarn, brynestein og kopar

Fyresdal bygdemuseum (jarnvinne/gravhauger)

Eidsborg (brynesteinsbrotet og -sliperiet, Liosmia, Kanalparken)

Åmdals Verk gruver

Dei eldste spora etter jarnvinneanlegg i Vest-Telemark er frå dei første hundreåra av vår tidsrekning. I folkevandringstida ca. 400–600 e.Kr. blei ei rekkje gardar etablert. Gravhaugane i **Fyresdal** er frå denne tida. Etter kvart klarte ein å lage stål som måtte slipast, og sal av brynestein frå skiferbrota i **Eidsborg** tok til frå 700-talet. Dette vart den fyrste eksportvara frå vår landsdel og del av Nordsjø-handelen.
Den varierte geologien baud på fleire fortrinn. På 1500-talet byrja norsk bergverksdrift. Danske-kongen utrusta tyske bergfolk – og det var til Vest-Telemark dei kom. Kopargruver finn me fleire stader, men på **Åmdals Verk** kan du besøke gruvene og lære om drifta der frå 1691 til 1945.
Telemarksvassdraget var viktigaste vegen ut for varene. Frå 1600-talet fekk også tømmeret verdi, og tømmerdrift vart ei viktig næring. Frå Vest-Telemark gjekk ein straum av brynestein, malm og tømmer, men også smør, kjøt, vilt og fisk. Dette var også beitelandet og veidelandet.
Transporten og handelen batt Vest-Telemark til resten av verda. Dei gav arbeid og impulsar utanfrå. Kanaliseringa av vassdraget byrja i 1861, og frå 1892 kunne ein segle på éin kjøl frå Vest-Telemark og til havet. Ein ny æra vart innleidd for turisme, industri og handel: **Telemarkskanalen** vart hovudvegen mellom Aust- og Vestlandet.

Folkekunst og byggjeskikk

Eidsborg (bygdetun, utstillingar) og Eidsborg stavkyrkje

Norsk Skieventyr Morgedal og Øverbø (Sondre Norheim)

Grimdalstunet (fjellgard)

Fyresdal bygdemuseum

Kviteseid bygdetun og Kviteseid gamle kyrkje

Øyfjell bygdemuseum

Myllarheimen

Ingen annan stad kan du finne så mange bevarte mellomalderhus i tre som i Vest-Telemark. Grove, malma furustokkar vart nøye plukka ut til loft, bur og stoger. Odelsbonden bygde ikkje berre for sjølve seg, men også for etterkomarane. Mange av husa ser du framleis på gardane rundt om. På friluftsmusea våre i **Eidsborg, Kviteseid, Fyresdal og Øyfjell** kan du studere dei og samanlikne med seinare byggjeskikk. Her kan du dessutan oppleve interiør, reiskap og bruksgjenstandar. Handverket har vore høgt verdsett, og i tillegg til brukseigenskapane vart mykje også gjeve estetiske kvalitetar. Folkekunsten bløma særskild frå 1700-talet og framover.
Ut frå handverks- og materialkunnskap sprang også utviklinga av skimakinga, og gjennom dette skileiken. Frå **Morgedal** kom pionerane som med konkurransar, oppvisingar og jamvel polferder la grunnlaget for skisporten.

Skulptur, måleri og musikk

Eidsborg (temporærutstillingar)
Grimdalstunet
Kviteseid bygdetun (Gunnar Utsond)
Dyre Vaa-samlingane
Knut Skinnarland-samlinga
Smørklepp kunstmuseum (Henrik Sørensen og Harald Kihle)
Myllarheimen

Under nasjonalromantikken frå midten av 1800-talet vart det henta mange motiv frå natur og folkeliv i Vest-Telemark. Men også i seinare epokar kom målarar hit for inspirasjon, som **Henrik Sørensen** og **Harald Kihle**.
I tillegg har regionen fostra mange eigne kunstnarar, som dei fire store bilethoggarane **Gunnar Utsond**, **Anne Grimdalen**, **Dyre Vaa** og **Knut Skinnarland**. Ingen annan region i Noreg har så mange og sentrale bilethoggarar.
Også innan musikk finn ein her store utøvarar, slik som den vidgjetne spelemannen Tarjei Augundsson, kjend som **Myllarguten**.

Andre tema som er knytt til basisforteljinga og representert i ulike samanhengar:

- «Innlandsvikingen» (landbruk, jarnvinne, «dvergsmiing», religion)
- Draumkvedet (mellomalderballade frå 13/1400-talet)
- Institusjonshistorie (lokale og regionale organisasjonar og lag)
- Utvandringa til USA
- Krigshistorie (særleg 2. verdskrig)
- Reiselivshistorie
- Namngjevne kunsthandverkarar innan rosemåling, treskurd, tekstil, kniv, sylv, smiing mm.
- Regionalt kjende kunstnarar (måleri, folkemusikk, dikting)
- Historiske personar (Rikard Berge, Øystein Vesaas, Olav Bjaaland osb.)

Basisforteljinga er ikkje utfyllande. Det vil alltid vere mogleg å finne andre og nye innfallsvinkel eller tema, noko som òg er ønskjeleg i samband med temporærutstillingar eller særskilde formidlingsprosjekt, bokutgjevingar osb.

Likevel er det basisforteljinga som naturleg vil stå sentralt når ein utformar nye prosjekt, permanente utstillingar eller marknadsføring av det faste museumsinnhaldet.

2.1.2 Refleksjon og kritikk

Ein kvar historieforteljing bør bli utsett for kritisk refleksjon, slik det er nedfelt i VTM si målsetting for formidlinga, sjå pkt. 1.1, eller i eksterne føringar, sjå pkt. 1.2.2.

Om ein i denne planen vil seie noko om moglege utgangspunkt for kritisk refleksjon utover dagsaktuelle problemstillingar, kan ein vise til pkt. 1.2.2 og 1.2.7.2 og trekkje fram desse to:

- Minoritetar og gløymde/utdefinerte folkegrupper si stilling i historia og historieformidlinga
- Etablerte sanningar basert på historieskriving frå ei anna tid.

Elles vil eit kvart tema by på høve til å ta eit kritisk perspektiv. Her har formidlinga sjansen å utfordre ein konservativ formidlingsarv. Å lage ei utstilling om ein historisk person tyder t.d. ikkje lenger å sette personen ukritisk «på ein sokkel», slik tradisjonen ofte har vore.

2.1.3 Ufortalt historie

Dette er eit dagsaktuelt felt som ein del museum i Noreg utmerkar seg på.

Dokumentasjon og formidling av samtidshistorie (gjennom intervju, dagbøker, brev eller spørjeskjema, eller gjennom innsamling av gjenstandar mm. frå vår eigen tid) kan vere eit supplement til historieformidlinga, og ikkje minst leggje grunnlag for framtidig historieskriving.

Eit enda viktigare dokumentasjonsarbeid mot. ufortalt historie er å få eldre kunnskapsberarar til å fortelje om tema/fenomen dei hugsar, før dei faller bort.

Det er for tida framleis ikkje ressursar ved VTM til å gjere slikt innsamlingsarbeid systematisk, utan evt. innanfor klart definerte tema eller prosjekt. Dette er eit tema som gjeld ressursar i samlingsavdelinga, og evt. satsingar på dette er difor ikkje med i denne planen.

2.1.4 Stadbasert læring

Tilhøva ved VTM ligg særs godt til rette for stadbasert formidling. I staden for å formidle i eit nøytralt (undervisings)rom, kan formidlinga gå føre seg på ein fysisk stad eller i eit område som er knytt til temaet. Omvisingar og stadbaserte skuleopplegg er VTM sine faste (og noko av dei beste) tilbod innan denne sjangeren.

Digital formidling på autentiske stader er òg under utvikling ved VTM. GPS- og QR-kode-basert teknologi gjer det mogleg å ta imot stadbasert informasjon kvar som helst gjennom en smarttelefon eller anna mobilt digitalt utstyr. I 2020 blei den første GPS-baserte formidlingsløypa ved VTM opna (Morgedalsløypa ved Norsk Skieventyr), fasilitert ved bruk av museumsappen (sjå pkt. 2.4.3). I 2022 fylgde QR-formidling ved Myllarheimen og i 2023 Malmvegen ved Åmdals Verk gruver og. I 2027 kjem etter planen ei digital formidling av Stålekleivloftet i Eidsborg basert på «augmented reality» (AR) og bruk av mobiltelefonkamera.

Mål for planperioden: utvikle fleire digitale løyper ved einingane der utandørs formidling ved sjølvsyn er mogleg heile året.

2.1.5 Rundturar

I samband med fellesbrosjyren i 2013 blei det òg utarbeidd eit fargekodesystem som skulle motivere publikum til å vitje fleire einingar på temabaserte rundturar, knytt til basisforteljinga sine tre hovudkapittel. Rundturane fekk fargekodar på eit kart (hovudmuseum = svart, mineral/industri = blått, bondekultur = grønt, kunst = raudt):





Systemet er så langt ikkje fylgt opp systematisk mot. skilting, detaljert informasjon på heimesida eller bruk i museumsappen (berre avstanden til «neste» museum er oppgjeve både i appen og i brosjyren). Ei hovudutfordring er nettopp avstandane som gjer at ein vanleg bilturist knapt rekk over meir enn to-tre einingar på ein dag.

Mål for planperioden: jobbe vidare med temarutene som set einingane i samanheng.

Publikumsavdelinga arbeider med vandreruter (i samarbeid med andre, som VandreTelemark) og ulike kart (i samarbeid med VisitTelemark og kommunane), sjå 2.2.2.

2.2 Utandørs miljø

Museumsopplevinga ved VTM sine einingar er mykje prega av det ytre miljøet og inntrykka knytt til bygningar og landskapet rundt. Mange einingar har og eit utandørs område som er tilgjengeleg året rundt utanom eininga si opningstid. Skilting, markering med banner, GPS-/QR-kode-basert digital formidling og tilrettelegging for fysisk omvising utandørs utgjer difor ein viktig del av formidlingsarbeidet.

2.2.1 Bygdetun

VTM formidlar «opne» utandørs miljø med antikvariske bygg ved 6 einingar:

- Eidsborg (stavkyrkje, bygdetun inkl. gardane Uppistog og Nistog Vindlaus, rekonstruksjon av ein husmannsplass, landbruksmiljø kring Museumsbonden)
- Grimdalstunet (ein av regionens mest komplette og best bevarte fjellgardar)
- Kviteseid bygdetun (inkl. Kviteseid gamle kyrkje)
- Øyfjell bygdemuseum
- Fyresdal bygdemuseum
- Øverbø i Morgedal (Sondre Norheim sin fødestad).

I tillegg kjem opplevinga av museumshistorisk og arkitektonisk interessante bygg som ved Smørklepp kunstmusem (tidl. Vinje biletgalleri), det gamle museumsbygget i Øyfjell eller hovudbygga ved Åmdals Verk gruver.

Bygdetuna er tradisjonelt sett saman av bygg med ulik alder, flytt til tunet frå gardar i området. Tuna er altså kunstige miljø skapt ut frå ein museumspolitisk tanke og/eller nasjonal impuls (jf. punkt 1.2.2). Unnatak er Grimdalstunet som er ein komplett fjellgard (rekkjetun) på sin opphavlege plass, og dei to Vindlaus-gardane i Eidsborg.

Tuna er ulike i samansettinga. M.a. finst dei eldste bygga i Fyresdal (der det òg er gravhaugar frå folkevandringstida) og på Grimdalstunet, dei mest staselege i Kviteseid (frå m.a. storgarden Flekstveit i Lårdal), dei mest varierte mot. bruk i Eidsborg, og dei nyaste i byggjestil i Øyfjell.

Bygdetuna er unike som utandørs opplevingar, spesielt for utanlandske besøkande, også utan at ein får høve til å gå fysisk inn i husa. Tuna er tilgjengelege heile året og har difor òg ein park- og rasteplassfunksjon. Det førar til at dei har ein del besøkande som deltek i museumsopplevinga utan å vere betalande museumsgjester. Det er berre i sesongen nokre av desse blir telt.

Utover utandørsmiljøet er tilgang til husa opplagt eit særs viktig formidlingselement. Ved VTM opnast kring 45% av dei antikvariske bygningane rundt om for innsyn i sesongen. Dette er eit bra tal, men potensialet for å auke det er likevel til stades.

Mål for planperioden: Formidlings-, samlings- og publikumsavdelinga samt FDV skal samarbeide om å opne fleire nye bygg for publikum.

Det er pdd. ikkje noko samanhengande formidling av bygdetuna utover i fellesbrosjyren og gjennom forsøket med reiseruta skildra i pkt. 2.1.5. Berre Fyresdal bygdemuseum, Kviteseid bygdetun og Grimdalstunet har fått historia si utgjeve i bokform.

Tre formidlingstiltak er aktuelle for utandørs anlegg utanom sesongen:

- skilting av tun og einskildbygg
- formidling via museumsappen og GPS/QR-koder (smarttelefon)
- informasjon på VTM si heimeside.

Skilting er pdd. gjennomført alle plassar, og blir kontinuerleg fylgd opp. App-basert stadbunden formidling finst berre ved Øverbø i Morgedal (Morgedalsløypa), ved Myllarheimen og langs Malmvegen på Åmdals verk, medan informasjonen på heimesida er særs kortfatta.

Ein samanhengande formidling av bygdetuna, t.d. gjennom ein (digital?) reiseguide, vil framleis vere aktuell å forsøke, sjå pkt. 2.1.5.

Ved bygdetunet i Eidsborg er restaurering av eit av verdas eldste profane trehus, Stålekleiv-loftet (truleg bygd i 1184) under gjennomføring. I samband med dette vil ein digital stadbasert formidling av loftet opne i 2027.

I Øyfjell er bygdetunet dei siste åra utvida med fleire bygg – både til utstilling og kafé.

Mål for planperioden: ha auka fokus på bygdetuna som utandørs formidlingsarena. Opne fleire bygg for publikum. Opne fleire digitale formidlingsløyper, sjå 2.1.4

2.2.2 Vandreruter og kulturstiar

Kring fleire av VTM sine einingar ligg kulturminne og naturopplevingar som er tilgjengeleg gjennom stiar og rundturar. Nokre eksempel:

- Brynesteinvandringa i Eidsborg
- Tur frå Dalen til Rui-plassen i lia over Bandak
- Skjerpenuten, Malmvegen og Cross cut ved Åmdals Verk Gruver
- Naturstigen ved Grimdalstunet
- «Byvandringa» frå Moland til Folkestadbyen, Fyresdal
- Morgedalsløypa og tur til Øverbø ved Norsk Skieventyr
- Stigen mellom Mjonøy og Smørklepp kunstmuseum.

Stigane er ikkje (berre) museet sitt ansvar, dei er ofte vedlikehalde av kommunen eller ei lokal foreining. Likevel har formidlingsavdelinga ved VTM interesse av å bli involvert, t.d. når det skal produserast innhald for skilting eller formidling via museumsappen/nettet.

Det er gjort framlegg om fleire nye stigar, som vegen til Ravnejuv i Eidsborg eller ein rundtur på Verkenstomta i Åmdals Verk. Oppgradering av eksisterande ruter med app-formidling (GPS/QR-koder) er òg eit ønskja tiltak.

Ved Åmdals Verk er det planlagt å knyte eksisterande og nye rutar saman til eit nettverk av turstigar som òg inkluderer ei vandring tvers gjennom gruva («langturen», sjå 3.4). Dette i samarbeid med Tokke kommune og Høgde A/S i prosjektet «59° Nord».

Mål for planperioden: etablere fleire utandørs formidlingsløyper (sjå 2.1.4).

2.2.3 Aktivitetspark

Utandørs aktivitetar er eit populært tilbod i sesongen, spesielt til barnefamiliar, og bidreg til auka besøkstal. Planlegging, bemanning og drift fell naturleg under publikumsavdelinga og/eller lokalstyra sitt ansvar, medan formidlingsavdelinga vil vere involvert i utvikling, kvalitetssikring av innhald, skilting og tilrettelegging.

Pdd. finst organiserte utandørs sesongaktivitetar ved desse einingane:

- Eidsborg (aktivitetspark med kanalmodell/slusing, lafting, arkeologi, bogeskjoting, runerissing mm. Ulike handverksaktivitetar)
- Kviteseid bygdetun (handverk mm. i regi av lokalstyret)
- Øyfjell bygdemuseum (handverk mm. i regi av lokalstyret)
- Fyresdal bygdemuseum (handverk mm. i regi av lokalstyret)

Ved Norsk Skieventyr i Morgedal er det blitt etablert eit utandørs anlegg for formidling av fløytings- og vassdragshistorie. Dette i samarbeid med kommunen og lokalt næringsliv, koordinert av og med støtte frå det kommunale «Sentrumsprosjektet».

«Vikingdagen» ved Kviteseid bygdetun blir halde kvart andre år med marknad, handverk, musikk og vikingskipet Åsa som legg til ved den gamle handelsplassen Kauphamar.

Mål for planperioden: fokus på utviklinga av fleire aktivitetar ved einingane, i samarbeid med Publikumsavdelinga og lokalstyra.

2.3 Utstillingar

Utstillingane ved VTM er pdd. formidlingsavdelinga sitt viktigaste arbeidsfelt.

VTM har ingen eigen utstillingskurator. Funksjonen ligg difor til formidlingsansvarleg som hovudkoordinator/ produsent, bidragsytarar frå andre avdelingar og direktør som fagleg ansvarleg redaktør.

2.3.1 Basisutstillingar

Alle VTM sine einingar har f.t. minst ei permanent basisutstilling, med unnatak av Fyresdal.

Eidsborg:	Frå eldste tid (jordfunn mm.) «I ljos»: Folkekunst, -drakt og -handverk i Vest-Telemark ca. 1500 – ca. 1970 Draumkvedet (ei akustisk utstilling) Staskniven frå Telemark ca. 1920 – i dag Industribygda Lårdal ca. 1890 – ca. 1990 Tokkeutbygginga 1956 – 1987 (visingssenter i samarbeid med Statkraft) Brynestein frå Eidsborg ca. 700 – 1952 Gjenstandsutstilling frå Fellandsamlinga
Norsk Skieventyr:	Skileik og -kultur i Morgedal ca. 1840 – i dag Sondre Norheim – den moderne skisportens far Olav Bjaaland og sydpolekspedisjonen i 1911/12 Skiutvikling og -teknikk ca. 1700 – i dag Østbye Skivoks ca. 1914 – ca. 1980 Cato Zahl Pedersen – «Unarmed» til Sydpolen 1994/95 New School (snobrettleik og skifilmar) Skisimulator «Ordalsåta ned» (etablert i 2025) Fakkelstafetten ved OL i Lillehammer 1993/94
Åmdals Verk Gruver:	Modellutstilling om koparproduksjon 1691-1945 Smi- og jarnreiskap frå gruvene Geologi- og steinutstilling om Vest-Telemark (fornya 2024) Fleire figurtablå inne i gruvene Historisk fotoutstilling (Brårjordet)
Grimdalstunet:	Skulpturutstilling Anne Grimdalen (1899-1961) Målerisyklusen «Draumkvedet» av Karl Erik Harr (1994)
Kviteseid bygdetun:	Skulpturutstilling Gunnar Utsond (1864-1950) Historia om storgarden Flekstveit i overetasjen til Flekstveitstoga Snikkarverktøy i Husmannsstoga Gardsreiskap og -utstyr i Rogdelilåven

Øyfjell bygdemuseum: Nystogsamlinga (frå Mannås i Vinje)
Juveutstillinga (Husgeråd frå «Juvekongen» i Øyfjell)
«Alt mogleg»-utstilling (reiskap, drakter, husgeråd og snurrepiperiar)
«Jakt og fiske i Øyfjell»
Historia om brørne Trovatn og Øyfjell bygdemuseum

Dyre Vaa-samlingane: Skulptur- og kunstutstilling Dyre Vaa (1903-1980)
Skulptur- og kunstutstilling Tor Vaa (1928-2008)
Grafikkutstilling Svallaug Svalastoga (1920-1978)

Knut Skinnarland-samlinga: Skulptur- og kunstutstilling Knut Skinnarland (1909-1993)

Smørklepp kunstmuseum: Måleriutstilling Henrik Sørensen (1882-1962)
Måleriutstilling Harald Kihle (1905-1997)
Fotoutstilling og interiør i «Sørensenhytta»

Fyresdal bygdemuseum: her er det f.t. inga basisutstilling. På «Bakeriet» er det fleire rom med m.a. skomakarutstyr og ei leilegheit frå kring 1900.

Myllarheimen: Tablå med gjenstandar som passar til Myllargutens seiste livsperiode.

Nokre få av utstillingane er i strukturen uendra sidan konsolideringa 2002-04, medan dei fleste har blitt delvis eller totalt revidert:

- Eidsborg (fortløpande sidan 2011)
- Knut Skinnarland-samlinga (2015)
- Norsk Skieventyr (2016)
- Åmdals Verk gruver (2017, 2024 og 2026)
- Grimdalstunet (2018)
- Øyfjell bygdemuseum (2022 – 2025)

Kvart år vil formidlingsavdelinga gjere mindre eller større tiltak for å vedlikehalde, tilpasse eller oppgradere basisutstillingane, delvis basert på innspel frå lokalstyra i «haustbrevet» året før.

2.3.2 Temporærutstillingar

Dei sesongbaserte utstillingane er det viktigaste instrumentet for å halde museumsformidlinga ved VTM aktuell frå år til år, og for å oppnå målet om samfunnsrelevans og medverknad (sjå pkt. 1.2.2. ff.). Nokre av utstillingane kan kome saman med bokutgjevingar eller andre tilleggs-element som tilstellingar eller seminar.

Temporærutstillingane legg beslag på ein stor del av ressursane til formidlingsavdelinga. Sidan 2012 er det gjennomført totalt ca. 125 både store og små utstillingar, fordela på ca. 60 heilkuraterte og -produserte, 49 produserte (vil seie kuratert av andre) og 15 komplett innleigde.

Eit oversyn over utstillingsproduksjonen 2012-2026 finn ein på side 27.

Talet temporærutstillingar gjer at VTM ligg godt an på museumsstatistikken til Kultur-departementet og blir vurdert som tilfredsstillande når det gjeld formidling.

I 2015 blei utlånsverksemda til Nasjonalmuseet sterkt redusert, medan opningstida ved museet i Eidsborg og Morgedal i hvv. 2016 og 2018 blei redusert frå heilårsope til sesongope. Difor har talet innleigde utstillingar gått sterkt nedover i denne perioden.

Det er eit mål at planlegginga av nye temporærutstillingar skal ha eit perspektiv på 3 år (førebuing) og 5 år (tema), sjå 5-årsplanen i slutten av dette dokumentet (del 4).

Mål for planperioden: fornye 5-års-planen for temporærutstillingar (sjå del 4) kvart år.

2.3.3 Vandreutstillingar

Det er for tida ikkje ressursar ved VTM for å produsere utstillingar som kan leigast ut til andre museum. Likevel blir einskilde eigenkuraterte utstillingar gjenbruka ved å bli vist ved fleire visingsplasser (t.d. ved Fyresdal bygdemuseum eller i Gongestogo under Dyrsku'n i Seljord).

Som eit prosjektbasert unnatak blei delar av utstillinga *Red River Girl* (2020 og 2021) leigd ut som vandreutstilling til HCSCC (Hjemkomst Center) i Moorhead, og til Norway House og Sons of Norway i Minneapolis, alle i Minnesota, USA.

2.3.4 Digitale utstillingar

Det er for tida ikkje ressursar ved VTM for å produsere reint nettbaserte utstillingar.

Ut frå målsettinga er det likevel eit ønskje at nye utstillingar skal supplerast med digitalt tilleggsmateriale.

Mål for planperioden: nye utstillingar skal helst ha ein nettbasert del som går utover rein informasjon og marknadsføring.

År	Heilkuraterte nye utstillingar	Produksjon	Innleigde utstillingar
2012	Vinter-OL historie NSE Sørpolekspedisjonen 100 år NSE		Maktens bilete (Rettsmuseet) VTME Eg er det tilfeldige sin plan (Kurt Johannessen, NM) VTME
2013	Kvinnestemmerett 100 år (utstilling/hefte) VTME Vrangfoss slusepark 1 (eksternt prosjekt) Og blomane ropa på meg (K.Hovden, utstilling og bok) VTME Knut Hovden Gongestogo	D.D.S.Ø.I.F (Dyr Du Skulle Ønskje Ikkje Fans, Jo Nesbø, Pjotr Sapegin, Kristin Günther, Aschehoug Forlag) VTME Kistetepper KB	Eit ferdaminne (Arne&Carlos, NM) VTME Det nye ljoset (Daniel Rybakken, NM) VTME Eventyrleg (Kittelsen&Werenskiold, NM) VTME
2014	Fire blikk (Kiønig, Sandaaker, Holm, Vesaas) VTME Huvestad – Eidsvollsmannen frå Øvre Telemark (Utstilling og bok) VTME Kyrkjene som forsvann (inkl. hefte) FB Arbeidshesten ØB	Gull i veggane (Torild A. Fossnes) VTME Kufteskogen (Liv S. Jakobsen) VTME De kalde lekene (Tarjei Gjelstad) NSE Femmila (Tor Gotaas) NSE Lunden Krins (Vraa/Fjalestad) KB	Lyden av kunst (Tori Wraanes, Camille Norment mfl., Nasjonalmuseet) VTME
2015	Vest-Telemark i det 21. hundreåret (Luca Berti, utstilling og bok) VTME Eldrid Robberstad KB Nystogsamlinga ØB Revisjon hovudutstilling KSS Dyrsku'n 150 år (eksternt prosjekt)	Leve høgt og sveve fritt (Jostein Hellevik) VTME Skilbragdtepper (Norma Hardang) VTME Telemark på kryss og tvers (foto) VTME Snowshoe Thompson (Halvor Kleppen) NSE Bruane i Kviteseid KB Folkestadbyen FB	Deres Majestet (Elgutstilling, Naturama) VTME Ja takk, begge deler (Minoritetsmusikk, Ringve) VTME Kraft i vatn (Kulturminner, NVE)
2016	Kombayah (draktutstilling) VTME Ny hovudutstilling Norsk Skieventyr NSE Ole Blom (Utstilling og bok) KB Vrangfoss Slusepark 2 (eksternt prosjekt)	Kjærleikens strømper (Annemor Sundbø) VTME RC bilutstilling (David Hauer) VTME Gunvor Mandt KB	
2017	Ny gruveutstilling ÅVG Poteten KB Kubbestolen Gongestogo	Pjusken (Jostein Hellevik) VTME Gamle bilete ØB	
2018	Laurdals Uldspinderi og Homme kraftverk VTME Ny skulpturutstilling Anne Grimdalen AGM Åsmund Kleiv NSE Solveig Muren Sanden 100 år KB ULL Gongestogo	Forfall – gardane me forlét (foto) VTME Team Telemark NSE Åmdals Verk før og no (foto) ÅVG permanent Tarjei Dalastøyl ØB	
2019	Nytt visingssenter Statkraft VTME Fellandsamlinga VTME – ny permanent utstilling Sveip, lagging, holing og dreiing Gongestogo Teikningar av Henrik Sørensen VTME Hølje Gonge Gongestogo	Kosaskulen KB Aanund Brekke ØB Miling Svalastog DVS	Rui-jentene (Gunn Marit Sanden) VTME
2020	Red River Girl (Utstilling og bok) VTME Reidar Fritzvold 100 år VTME	Smedutstilling ØB Glimt frå motehistoria 1930-2000 ØB Gunnar Torvund 1948-2019 KB	Queen of Skis (Johanne Kolstad, Valdres Museum) NSE
2021	Jakt&Fangst ØB Brørne Trovatn ØB Sveinung Svalastoga VTME	Tvòru og holk – utstilling om mat ØB Historiske fotografi frå Åmdals Verk ÅVG Teiknaren og folkeopplysaren John Skarprud KB Reidar Kolbrekk DVS	Bilete av Knut Høihjelle NSE Kviteseid Husflidslag 50 år NSE
2022	Draumkvedet VTME – opna, permanent Jarand Rønjom (utstilling og bok) VTME Fløyting i Morgedalsåi NSE Smedutstilling Dyrsku'n HallB/Gongestogo	Knut Flatin KB Gunn Mads (1943-2021) DVS 30 år med utstillingar (støttelaget) ØB	Ein skog av trådar (Borghild Telnes) VTME
2023	Botnedalsdøra VTME Løynde lydar – lydinstallasjon VTME Klåstadskipet VTME Historia om Flekstveit KB Treskjering & Skimaking Dyrsku'n HallB/ Gongestogo	Livet lever lengst - Draktutstilling ØB Ingolf Endresen DVS	Vandringsmannen - Olaf Willums VTME
2024	LandSkapLand VTME Historia om Skisportens vugge NSE Øyfjell stavkyrkje ØB Dekketøy Dyrsku'n HallB/Gongestogo	Anne Gro Røyland KB Åsmund Haukeliseter DVS Red River Girl FB	Mona Stenseth VTME
2025	Revefeber – pelsdyr i 100 år VTME Husmannsvesenet i Kviteseid KB Bunad og folkedrakt Dyrsku'n HallB/Gongestogo	Torbjørn Egner: Hus i Rauland DVS Lygar-Lars og andre figurar ØB Halvor Sandsdalen VTME Red River Girl FB - framhald	
2026	Strikkedesignar Irene Haugland VTME Sky Crashers – brørne Hemmestveit og Aurora Ski Club NSE Anne Lofthus – Vintage keramikk ØB Samarbeid Holmsbu – Smørklepp SKM Berekraft og gjenbruk – Dyrsku'n HallB/Gongestogo	Historiske illustrasjonar av Anders K. Rue KB Sveinung Svalastoga DVS 60-tals interiør i Mostøylstoga ØB Nøysemd og beredskap (bygdekvinnelaget) FB	

2.4.1 Tilrettelagt formidling

Tilrettelagt formidling tyder at alt som blir produsert av formidling ved VTM skal vere tilgjengeleg for flest mogleg, og særskild for grupper som born/unge, eldre, funksjonsnedsette, minoritetar, flyktningar mfl.

Gjeve omfanget av formidlingsområdet til VTM, både geografisk, fysisk og innhaldsmessig, er dette eit krevjande mål. Men strategiplanen til VTM seier tydeleg at ein skal *nå ut til alle grupper med særskild vekt på born og unge* og at ein skal *legge museets faste arenaer til rette for publikum generelt, og for grupper med særskilde behov spesielt* (jf. punkt 1.2.1).

Det har dei siste åra vore relativt lite fokus på andre særskilde grupper enn born og unge og til ein viss grad minoritetar. Dette heng saman med ressursar og gjeld ikkje berre for formidlingsavdelinga.

2.4.1 DKS og grunnskular

Dette er området der VTM si tilrettelegging og formidling svarar best til målsettinga om å prioritere ei gruppe med særskilde behov, nemleg born og unge, jf. 1.2.1 og 3.

DKS tyder «Den kulturelle skulesekken» og er ei ordning der kommunane eller fylket (som skuleeigarar) mottek gratis kulturarrangement for skuleelevar. Arrangementa blir utvikla, finansiert og administrert av (eller for) Kulturtanken (tidlegare Rikskonsertene), som igjen er finansiert av to departement (Kultur og Kunnskap). DKS er dela inn i ein lokal del der kommunar får midlar til å gjennomføre årlege faste opplegg og dessutan kan tinge einskilde førestillingar eller skulebesøk via ein portal på nettet, og i regionale prosjekt og turnéar spesielt for vidaregåande skuler (sjå 2.4.2.).

Ein del av DKS-tilbodet til grunnskular skal vere formidling av kulturarv. Kommunane er skuleeigarar, og tradisjonen er at dei mottek midlar direkte frå DKS-systemet, som dei kan nytte m.a. til å transportere elevar til museum eller andre lokale formidlingsstader.

VTM som mottek årleg driftsstøtte frå fem av dei seks kommunane i Vest-Telemark, tilbyr DKS-programma gratis til grunnskulane i desse kommunane. Dette skjer i samarbeid med Kulturtanken og via DKS-portalen, men også gjennom faste kontraktar med skulane.

Etter fleire rulleringar har VTM pdd. faste DKS-avtalar med fem kommunar: Tokke, Vinje, Kviteseid, Fyresdal og Seljord. Nissedal brukar tilbodet meir sporadisk.

Avtalane inneheld faste årlege opplegg innanfor desse tilbod:

- 1.-4. klasse: Jol i gamle dagar (gjennomført på fleire ulike einingar)
- 5.-7. klasse: «langturen» ved Åmdals Verk gruver
- 5.-8. klasse: Husmannen og handverkaren – ein dag på museet i Eidsborg
- 5.-8. klasse: Eventyrjenta Anne Grimdalen (Grimdalstunet)
- 8. klasse: Skihistorie frå Øvre Telemark (Norsk skieventyr)
- 10 klasse: Gunnar Utsond-seminar (Kviteseid bygdetun)

Utanom desse faste opplegg har skulane høve å tinge *Tidleg krøkast – smiing for alle*, rekna spesielt for 9. klasse, både som turné og i samband med museumsbesøk. Opplegget blir gjennomført med museets eige utstyr og i samarbeid med ein lokal smed.

Eit tilsvarande opplegg innan bunadsbrodering er under utarbeiding.

Tilbodet til grunnskulane er blitt meir omfattande med åra. Likevel er potensialet ikkje utnytta. Elevane er museet sine framtidige brukarar, og for mange er skulebesøket den første kontakten dei får med dei lokale museumseiningane. Å utvikle fleire tilbod og samarbeide meir aktivt med kommunane og skulane, er ei kjerneoppgåve for formidlingsavdelinga.

Mål for planperioden: satse vidare på DKS for grunnskulane, spesielt i samband med auka fokus på handverk, sjå formidlingsplanen for born og unge «Frå skjerm til esse» 2024-27.

2.4.2 Kulturtanken / VGS

Kulturtanken har eit omfattande tilbod til vidaregåande skuler der fylka er skuleeigarar. Dette er gjerne større og påkosta produksjonar som for VTM sin del er aktuelle for skular i både Vestfold, Telemark og Agder.

VTM har dei siste åra tilbode nokre slike storsatsingar:

- *Talleiv Huvestad – Eidsvollsmannen frå Eidsborg (grunnlovsjubileet 2014)*
- *Tidleg krøkast – smiing for kvarmann,* sjå 2.4.1
- *Historia om brynesteinen* – ei reise med vikingar innover i landet

Av desse er berre *Tidleg krøkast* aktiv for tida. Eit nytt tilsvarande opplegg innan bygningshistorie og lafteteknikk er under planlegging.

Kulturtanken har i møte med VTM gjentekne gonger uttalt eit ønske om fleire tilbod innan formidling av kulturarv. Støtteordningane til Kulturtanken omfattar fullfinansiering av både prosjektutvikling og turnering. For VTM er det likevel viktig å vere klar over naudsynte driftsressursar om prosjekta skal leve vidare utover prosjektperioden.

Mål for planperioden: utvikle minst eit nytt turnéprosjekt innan kulturarv for Kulturtanken og vidaregåande skuler.

2.4.3 Barnehagar

VTM tilbyr høve til barnehagebesøk i utgangspunktet overalt der det er mogleg å gjennomføre. Også dette tilbodet er gratis for kommunane i Vest-Telemark (unnateke transporten), men det er så langt ikkje blitt aktivt marknadsført, eller systematisk planlagt.

Mål for planperioden: utvikle og marknadsføre eit meir systematisk tilbod til barnehagar.

2.4.4 Funksjonsnedsette

I tildelingsbreva frå Kulturdepartementet står ofte formuleringar som denne:

Departementet minner om at offentleg og privat verksemd retta mot ålmenta skal vera universelt utforma, jf. likestillings- og diskrimineringslova.

Universell tilrettelegging ved VTM er generelt krevjande. Det har delvis samanheng med ressursar, delvis med at mange av VTM sine visingsarenaer er historiske bygg som er vanskeleg – eller ulovleg – å endre på. Dette fører til at dei faktiske tilretteleggingane er avgrensa:

- For synshemma finst berre i Eidsborg eitt kart i punktskrift over museumsbygget (ved inngangen)
- Heimesida til VTM følgjer standardar for universell tilgjenge gjennom samarbeid med VisitTelemark om hosting av heimesida sidan 2016
- Der det finst nyare museumsbygg er desse tilgjengelege for rullestolbrukarar. Dette gjeld likevel ikkje for dei antikvariske bygga.

VTM har pdd. ingen konkret satsing på spesiell tilrettelegging av utstillingar, stader eller omvisingar for menneske med funksjonshemmingar. Omvisingar for blinde/svaksynte har vore gjennomført av dyktige guidar. Musea har ikkje tilrettelagt audioguiding, eller teleslynge. Belysninga i mange av utstillingane er basert på spottar som ofte gjev dårleg ljos langs golvet.

Mål for planperioden: lage ein eigen formidlingsplan for grupper med funksjonsnedsettingar.

2.4.5 Minoritetar

Minoritetar finst på båe sider av «formidlingslinja»: både som del av historia som forteljast, og som mottakarar av den. Blanding av ulike folkegrupper har vore eit viktig innslag i lokalhistoria fleire tusen år attende. I dag snakkar ein meir om sosialt definerte minoritetar, som flyktningar eller LHBT, eller anerkjente etniske minoritetar som samar, kvener og skogfinnar.

For utstillingar har minoritetshistorie vore tema ved fleire høve, som likevel er ei stund sidan: om rettshistoria (2012), kvinnestemmerett (2013) eller musikktradisjon (2015). Ved Norsk Skieventyr i Morgedal blei den samiske skihistoria teke med i utstillinga ved revideringa i 2016.

I 2016 avslutta VTM eit inkluderingsprosjekt kalla «Kombayah». Prosjektet var ment å bidra til utvikling av eit museumstilbod til bruk i vaksenopplæringa for flyktningar i regionen. Tilbodet brukast i dag av både kommunale og interkommunale aktørar.

Mål for planperioden: lage ein eigen formidlingsplan for minoritetsgrupper.

2.4.6 Eldre

Eit anna DKS-tilbod kallast «Den kulturelle spaserstokken» (DKSS), som inneber eit tilskot frå Kultur- og Helsedepartementet som kommunane kan bruke for å organisere eit variert kulturtilbod til eldre på institusjon.

Det er ei rekkje museum som i dag har spaserstokk-tilbod. Det kan vere tilstellingar med historiske tema, tilrettelagt for syns- og høyrselshemma, eller det kan vere å aktivt oppsøke aldersheim med eit opplegg kring antikvariske gjenstandar, gamle foto eller songar. Forsking visar at minner kring konkrete gjenstandar, bilete eller songar kan fungere som eit terapeutisk tiltak mot t.d. demens.

VTM har pdd. ikkje eit slikt tilbod.

Mål for planperioden: lage ein eigen formidlingsplan for eldre med særskilde behov.

2.4.7 Språk

Ein av dei vesentlege tilretteleggingar i museumsarbeidet er å gjere tekstar tilgjengeleg på fleire språk. VTM har gjort mykje på dette området dei siste åra. I dag er ein god del av formidlingsarbeidet anten to- eller trespråkleg:

- Tekstar ved permanente utstillingar skal vere på norsk og engelsk
- Norsk, engelsk og tysk skal brukast ved all permanent skilting av antikvariske bygg
- Tekstar til temporære utstillingar ved einingar med mange turistar skal vere på norsk og engelsk. Ved mindre anlegg og einskilde utstillingar kan utstillingstekstar vere berre på norsk, då med ein engelsk *summary*.
- Heimesida har ein engelsk versjon (meir statisk enn den norske).

VTM har òg gjeve ut nokre tospråklege bøker, og fellesbrosjyren samt einskilde formidlings-hefte finst på norsk og engelsk, høvesvis tysk.

Ein prøver å få tak i sesongtilsette som kan fleire språk, til bruk ved gruppeomvisingar. VTM har noko språkkompetanse blant dei fast tilsette, og fleire eksterne språkkonsulentar.

Likevel er mykje utstillingstekst framleis ikkje omsett.

Mål i planperioden: fokus på omsetjing av fleire av dei eldre utstillingane, fleire utanlandspråklege brosjyrer, og meir informasjon på engelsk på heimesida.

2.5 Fleirmedial og digital formidling

Som nemnt under pkt. 1.2.5 er det ei viss forventing blant dagens publikum om at formidlinga ved eit moderne museum skal ta i bruk fleirmediale og digitale verkemedel.

Slike verkemedel kan både forsterke opplevinga, gje høve for meir bakgrunnskunnskap, auke det sosiale samkvemmet og gjere direkte medverknad mogleg. Kompetanse i medieproduksjon og kjennskap til bruk av det naudsynte utstyret er difor ein fordel i formidlingsarbeidet.

2.5.1 Heimeside

Heimesida *vtm.no* er pdd. ei såkalla «kanalside» under paraplyen til VisitTelemark. Sida er desktop-styrt og designet for reiselivsformål og marknadsføring, og difor ikkje egna til produksjon av spesifikk digital formidling eller nettutstillingar.

Fordelen er at den stadig utviklast vidare i takt med teknologien, og at den er responsiv mot. bruk på mobiltelefon og nettbrett mm.

Heimesida brukast i dag mest til marknadsføring og annonsering. Publikumsavdelinga har hovudansvaret, formidlingsavdelinga bidreg med innhald ved behov.

Potensialet i det å bruke heimesida som eit supplement til formidling, eller som base for reint nettbaserte prosjekt, kan med fordel bli utnytta betre.

Mål for planperioden: vurdere ein nettbasert del ved nye utstillingar, sjå pkt. 2.3.4

2.5.2 Sosiale medium

VTM er i dag (2026) på Facebook og Instagram. Publikumsavdelinga har hovudansvaret og følgjer opp dagleg, noko som gjev ein god og levande kommunikasjon som vurderast som verdifullt og tilstrekkeleg for museet.

Mange museum tek sosiale medium i bruk for å auke medverknad og dialog ved utstillings-produksjon, fleirmediale utstillingsprosjekt eller for dokumentasjon. VTM har ikkje gjort dette aktivt så langt, noko som skyldast manglande ressursar.

2.5.3 Museumsappen

Sidan 2017 har VTM hatt ein gratis «museumsapp». Den er utvikla i samarbeid med ein lokal aktør og laga ved hjelp av eit desktop-basert fleksibelt system som oppdaterer innhald og programvare fortløpande. Det gjer det enkelt å fylle på med nytt innhald og nye funksjonar, utan at appen må oppdaterast aktivt.

Appen har ein enkel funksjon som viser avstandar og reiserute mellom alle VTM sine elleve museumseiningar, saman med informasjon, bilete og høve til å ta kontakt, på både norsk, engelsk og tysk.

Sidan 2020 har appen òg blitt bruka som brukargrensesnitt i GPS-baserte utandørs formidlingsløyper («Morgedalsløypa» ved Norsk Skieventyr, «Malmvegen» ved Åmdals Verk gruver, QR-formidling ved Myllarheimen samt audioguidar ved utstillingane i Eidsborg). Innhaldet kan også opplevast «offline» i appen utan at ein er til stades på lokasjonen.

Mål for planperioden: utvikle museumsappen til å omfatte fleire utandørs løyper og audioguidar.

2.5.4 Fleirmedial formidling

Fleirmediale formidlingstiltak kan grovt delast inn i fire grupper:

- Auditive opplevingar (audioguide, skjulte høgtalarar, fleirkanal mm.)
- Visuelle opplevingar (statisk og rørleg ljos, animasjon/video utan lyd)
- Audiovisuelle opplegg (video og/eller ljos kombinert med lyd)
- Interaktive opplegg (publikumsstyrd kombinasjon av alle desse).

Ei av VTM sine einingar, Norsk Skieventyr i Morgedal, var ved opninga i 1993 eit av dei aller første elektronisk styrde opplevingssentra i Noreg. Det blei teke i bruk nyskapande fleirmedial formidling basert på sensorstyrt lyd, ljos og video. Prosjektet var berre delvis vellukka den gongen, men ein del av utstillinga er framleis i bruk, 33 år etterpå:

- ein spektakulær skifilm (1993) på 8 minutt, vist over 3 lerret og med fleirkanal-lyd i 3.1-format, digitalisert i 2009 og oppgradert i 2024
- eit «preshow» som opphavleg var eit avansert ljosbileteshow, digitalisert i 2009
- visinga av NRK-filmen «Frikaren på ski» om Sondre Norheim (1969), digitalisert i 2009

I tida mellom konsolideringa og opninga av museet i Eidsborg var det berre Norsk Skieventyr som hadde slik formidling. Den blei utvida med to interaktive fleirmedia-opplegg i 2011 (Fram) og i 2012 (New School). I 2025 blei delar av New School erstatta med ein skisimulator.

Frå og med 2012 er det kome til ei rekkje permanente mediale opplegg i Eidsborg:

- Filmvising i Statkraft sitt visingssenter (2012, fornya 2019)
- Interaktiv golvprojeksjon («Fiskane») i visingssenteret (2012)
- Sensorstyrt lyd til fleire montrar (2014)
- Berøringsskjermar med montertekstar i Folkekunstutstillinga (2017-24)
- Automatisert vising av historiske foto frå Tokkeutbygginga (2018)
- Animert 3D-modell om Tokkeutbygginga (2019)
- Stort digitalt interaktivt vasskraftspel for inntil 4 spelarar (2019)
- Dynamisk ljosbasert montervising (Fellandrommet, 2019)
- Lytterom med 3D-lyd og ljosstyring (Draumkvedet, 2020/21)
- Holografisk filmvising basert på Pepper's Ghost-prinsippet (2023)

I tillegg har det vore ulike audiovisuelle element i fleire temporærutstillingar.

Det er per 2026 installert automatisert filmvising med ulik teknologi ved sju VTM-einingar.

Formidlingsavdelinga har stått for produksjon av fleire formidlingsvideoar, sjå pkt. 2.7.3.

Formidlingsavdelinga har òg hatt ansvar for nokre eksterne mediaprosjekt:

- Automatisert vising av historiske filmar ved Dyrsku'n 150 år (2015)
- Animert 3D-modell i Vrangfoss slusepark (2016)
- Oppgradering av Statkraft sitt visingssenter (2019).

Mål for planperioden: ha auka fokus på vedlikehald og vidareutvikling av den fleirmediale formidlinga. Kompetansen til dette må ein leggje vekt på ved nytilsettingar.

2.5.5 Interaktivitet

Som nemnt i dei førre punkta, har VTM i dag ei rekkje audiovisuelle, digitale eller app-baserte opplegg som legg opp til styring og/eller respons frå publikum.

Slike opplegg blir stadig viktigare i museumsformidlinga, som populariteten til vitskapssentra visar. Dei bidreg òg til målsettinga om medverknad (1.2.4), og appellerer til nye generasjonar av brukarar som er vakse opp med responsive digitale system. Teknologien blir betre og billigare i rask tempo, og nye styringssystem blir stadig meir brukarvennlege. Innføringa av rimeleg KI-teknologi sidan 2024 er ein del av dette.

Som eit prøveprosjekt er det planlagt å utvikle ein interaktiv formidlingsstasjon om rosemåling ved hjelp av KI i 2027.

Mål for planperioden: arbeide vidare med interaktivitet ved utvikling av nye audiovisuelle / digitale formidlingsopplegg.

2.6 Aktivitetar og arrangement

Tilstellingar bidreg mykje til formidlingsarbeidet ved eit museum. Sidan 2012 har formidlingsavdelinga hatt ansvar for mange slike, dei fleste ved hovudbølet i Eidsborg, og sporadisk ved nokre av dei andre einingane. Både konsertar, føredrag, teaterframsyninger og sosiale møte (som strikke- eller fotokveldar) har vore gjennomført.

Etter at opningstida ved museet i Eidsborg blei redusert frå heilårsope til sesongope i 2016, har tilstellingar utanom sesong blitt enda viktigare som del av museet sin synlege aktivitet. Samstundes har auka fokus på økonomi ført til at det årlege talet med tilstellingar har gått sterkt ned.

I 2020 blei ansvaret for tilstellingar tydelegare delt mellom formidlings- og publikumsavdelinga. Formidlingsavdelinga sitt hovudansvar er for tilstellingar som er knytt til utstillingar eller aktuelle formidlingstiltak, som opningar/vernissager, filmvisingar, boklanseringar etc.

For tilstellingar knytt til anna museumsarbeid, som fagkveldar (t.d. arkivdagen) eller handverks-aktivitetar, skal hovudansvaret ligge hjå dei fagavdelingane, i samarbeid med publikum og formidling.

2.7 Utgjevingar

Under arbeidet med nye utstillingar eller andre prosjekt vil det ofte dukke opp materiale som er egna til utgjeving. Bøker, artiklar eller publisering av filmar eller lydopptak er aktuelle utgjevingsformer. Dei kan komplettere ei utstilling, fungere som utstillingskatalog eller utgjere eit formidlingstiltak i seg sjølv.

I motsetnad til mykje digital publisering, kan «analoge» historiske bøker vere langvarige og populære produkt som kan gje inntekt til museet over fleire år.

2.7.1 Bøker, hefte og katalogar

Sidan 2012 har formidlingsavdelinga hatt (med)ansvar for mange utgjevingar ved VTM:

- Huvestad. Eidsvollsmannen frå Vest-Telemark. Teikneserie, 2014
- Halvor Kleppen: Snowshoe Thompson – Jon frå Tinn, 2015
- Vest-Telemark i det 21. hundreåret: Foto av Luca Berti, 2015
- Ole Blom. Dagbøker og brev 1809-1846. Tre bind, 2016 og 2026
- Eidsborg stavkyrkje. Formidlingshefte, 2019
- Kviteseid gamle kyrkje. Formidlingshefte, 2019
- Red River Girl. The Art of Orabel Thortvedt (tospråkleg), 2020
- Sondre Norheim, skikunstnaren frå Morgedal (1993, ny utgåve 2021)
- Jarand Åsmundsson Rønjom (2022)
- Bygdetunet og museumshagen i Eidsborg. Formidlingshefte, 2022
- Olav Bjaaland – idrottsmann og polfarar (1945, ny utgåve 2023)

I tillegg har formidlingsavdelinga ansvaret for produksjon og oppdatering av alle brosjyrar, utstillingskatalogar og anna trykt materiale for VTM sine einingar.

Mål for planperioden: arbeide vidare med bokutgjevingar, som «Draumkvedet i vår tid», «Brynesteinshistorie» og «Industribygdi Lårdal», sjå 3.1.4

2.7.2 Artiklar

Sidan VTM ikkje har ei eige forskingsavdeling, har det vore eit ønskje at fleire avdelingar bidreg med fagartiklar som evt. kan gje VTM forskingspoeng (sjå pkt. 1.3.4).

Formidlingsavdelinga har så langt bidrege med artikkelen «Gunnar Utsond – ein underkjend kunstnar» (2015), trykt i *Gamalt frå Kviteseid* og *Årbok for Telemark*.

Elles har formidlingsavdelinga levert ei rekkje samanfattande artiklar til digital publisering, sjå pkt. 2.7.4 nedanfor.

Mål for planperioden: når det let seg foreine med ressursar og arbeidet elles, skal formidlingsavdelinga freiste å produsere fleire fagartiklar.

2.7.3 Film, foto og lydopptak

Film, foto og lydinnspeling som opptaksmedium er over 100 år gamle og har gjeve mykje historiske materiale som kan brukast i formidling. Etter det «digitale skiftet» og internett har desse medium dessutan fått større tyding og status i medielandskapet enn nokon gong før. Å bruke dei aktivt er ei sjølvsagt oppgåve for formidlingsavdelinga.

Formidlingsavdelinga har sidan 2012 produsert:

- Historia til Telemarkskanalen (film/animasjon)
- Tokkeutbygginga - i 6 kapittel (film/animasjon)
- Bilete frå Tokkeutbygginga – i 3 kapittel (teksta fotoserie)
- 1200 år med Eidsborgbryne (film/animasjon)
- Historia til Åmdals Verk gruver (film/animasjon)
- Draumkvedet (lydverk i surround)
- Blant kunstnere i Telemark (nyutgjeving av historisk film frå 1960)
- Løynde lydar (animasjon/installasjon)
- Uvyrdslåmi (restaurering av skifilm frå 1993 i Cinemascope)
- Animasjon av Ordalsåta ned (Jafjell til Nystaul) til skisimulator

Formidlingsavdelinga kjøper òg inn eksterne tenester til slik produksjon etter behov.

2.7.4 Digital publisering

Som nemnt under 2.5.1. brukast ikkje heimesida til VTM til publisering av reine formidlings-opplegg. Men ein har bidrege til såkalla *content marketing* – marknadsføring ved hjelp av innhaldsformidling i eit kort format. På sida *telemarkshistorier.no* har VisitTelemark i samarbeid med VTM publisert ei lang rekkje forteljingar om historie og kulturarv frå Telemark. Arbeidet er koordinert av publikumsavdelinga.

Formidlingsavdelinga har m.a. laga illustrerte nettartiklar om

- Tokkeutbygginga
- «Dei fire store» (bilethoggarane)
- Draumkvedet
- Nikuls og Eidsborgtjønni («Det magiske vatnet»)

2.8 Intern opplæring

Ei viktig oppgåve for formidlingsavdelinga er å gje grunnleggjande kunnskap om museet sin basisforteljing vidare *internt i VTM*, og bidra til å vidareutvikle det faglege grunnlaget for museumsarbeidet i alle avdelingar.

Dette skjer ved at formidlingsansvarleg deltek i relevante prosjekt og er del av leiargruppa ved VTM.

2.8.1 Guideopplæring

Kvart år tilset publikumsavdelinga meir enn 40 guidar og museumsvertar for arbeid gjennom sommarsesongen (mai – sept). Nokre av dei er erfarne godt vaksne og har vore med i mange år. Andre er unge og heilt ferske. Dei samlast til felles opplæring i juni, før dei mindre einingane startar sesongen. Dei skal òg ha opplæring på sin lokale eining, vanlegvis i løpet av dei første dagane etter sesongstart, og ofte i samarbeid med lokalstyret.

Formidlings- og publikumsavdelinga har felles ansvar for guideopplæringa både sentralt og lokalt.

2.8.2 Guideressursar

Nye og gamle guidar skal kunne lese seg til bakgrunnsinformasjon og historia til einiga dei formidlar gjennom sesongen. Til dette skal det føreligge eit digitalt kompendium av artiklar, bibliografiar og anna materiale, saman med relevante utgjevnader. Formidlingsavdelinga har ansvar for å sette saman og vedlikehalde desse ressursane, i samarbeid med publikumsavdelinga.

3 – EININGAR VED VTM

3.1 Vest-Telemark Museum Eidsborg (VTME)

Museet i Eidsborg er den største og mest samansette eininga under VTM. Tidlegare Lårdal bygdemuseum (skipa i 1949) blei under konsolideringa i 2002 vald som hovudbøle for VTM sin administrasjon. I 2012 stod det nye museumsbygget ferdig. Den lokale eininga Eidsborg har eit eige styre som tek ansvar for delar av uteområda og ei rekkje tilstellingar.

VTM Eidsborg ligg rett bak Eidsborg stavkyrkje.

3.1.1 Formidlingsarenaer

VTM Eidsborg har 7 formidlingsarenaer:

- Eidsborg stavkyrkje
- Hovudbygget med store utstillingsareale
- Friluftsmuseet (inkl. Vindlaus-gardane)
- Husmannsplassen
- Aktivitetsparken med kanalmodellen
- Brynesteinsbrota
- «Museumsåkeren» med gamalt landbruk.

I hovudbygget er det òg kafé og butikk, i tillegg til kontor, magasin og verkstader.

Eidsborg stavkyrkje er i drift og eigd av den norske kyrkja, men formidlast av VTM, gjennom omvisingar, eit formidlingshefte og ei bok av religionshistorikar Øystein Morten. Kyrkja er vigsla til St. Nikolaus, og ved St. Hans har det gjennom fleire år vore arrangert ei «Nikulsvandring» – ei stilisert utgåve av eit historisk dokumentert ritual –, og kring 6. desember ein «Nikulsdag».

Friluftsmuseet består av 30 bygningar inkludert Husmannsplassen. Kjernen er garden Uppistog Vindlaus med våningshus og driftsbygningar. Eit kort stykke unna ligg garden Nistog som på 1800-talet blei delt frå Vindlaus. I tillegg er det ei rekkje tilflytte bygg som viser ulike funksjonar ved gardsdrifta fram mot mellomkrigstid, inkl. kvern og stampe.

Blant dei tilflytte husa er det fleire bygningar med si eiga historie:

- Stålekleivloftet (datert 1184, flytt til Vindlaus/dagens bygdetun i 1812)
- Juvestoga (frå Øyfjell, 1700-talet, dekorert innvending 1799)
- Tveitenstoga (frå Eidsborg, våningshus i to høgder, ca. 1780)
- Skulestoga (frå Kvål krins i Høydalsmo, 1880)
- Ungdomshuset (frå Eidsborg, 1919)

I 2022 blei det laga ei samanhengande framstilling av bygdetunet som også omfattar museumshagen, i hefteformat.

Husmannsplassen er rekonstruert ved hjelp av fleire tilflytte bygg. Formidlinga skjer ved skilting.

Aktivitetsparken inneheld ein 105 m lang vassførande modell av Telemarkskanalen med 14 slusar, historiske båtmodellar og bygningsmodellar (opna i 2015). I sesongen er kanalen bemanna med guidar. Kanalhistoria formidlast med skilt.

Ovanfor modellen ligg husmannsplassen, ei smie og fleire aktivitetsplassar. Aktivitetar i sesongen er slusing, lafting, bogeskjoting, arkeologisk utgraving, runerissing og anna. I husmannsstoga og i smia er det demonstrasjon av gamalt handverk, f.t. to gonger i veka.

I 2021 blei det sett opp eit nytt historisk bygg: brynesteinssliperiet frå Nistog Vindlaus.

I 2026 blir det sett opp eit nytt formidlingsbygg i handlafta tømmer (sjå 3.1.4).

Brynesteinsbrota ligg i åsane kring museet og Eidsborgtjønni. Formidling skjer ved hjelp av ein kultursti med skilting, i samarbeid med VandreTelemark og kommunen (sjå også 2.2.2).

Mål for planperioden: formidle bryntesteinsbrota betre. Dette vil òg bli del av eit eige prosjekt kring brynesteinhistoria, med ny bok og utstilling i 2029 eller 2030.

«Museumsåkeren» er eit jordstykke rett ved hovudbygget der innleigd museumsbonde Daniel Høstberger formidlar jordbruk slik det var fram mot mellomkrigstida, ved bruk av hest, gamalt reiskap og historiske plantesortar. Formidlingsavdelinga bidreg med skilting.

I sesongen 2025 hadde VTM Eidsborg over 12.000 besøkande.

3.1.2 Utstillingar og publikumstilbod

Hovudbygget i Eidsborg har ca. 400 kvm utstillingsflate, fordelt på ei permanent basisutstilling («I ljos», sjå 2.3.1) og eit rom på ca. 150 kvm for temporærutstillingar. Utstillingsdesignet er basert på «black box»-estetikken som løftar fram ljos, audiovisuelle media og digital formidling som sentrale formidlingsgrep.

I 2022/23 blei ljoset i heile basisutstillinga og temporærutstillingsrommet bytta til LED og ny-designa (ved KYNDILL/Matthias Andersson) med støtte frå m.a. Tokke kommune.

Mål for planperioden: Utvikle digital formidling i folkekunstutstillinga vidare, samt audioguiden, til å omfatte m.a. rosemåling (sjå òg pkt. 2.5.3).

Fram mot 2030 er det planlagt fleire temporære utstillingar, samt ei oppgradering/utviding av brynesteinsutstillinga (sjå oppdatert versjon av 5-års-planen, del 4 av dette dokumentet).

I samband med «Fellandsalen» er det sett opp ei stor ljosstyrt permanent utstilling av gjenstandar frå Fellandsamlinga, og ein vegg til skiftande kunstutstillingar. Det er òg høve til å setje opp «pop up»-utstillingar i museumsfoajeen.

Heilskapen av publikumsarealet, med kafé, butikk, scene og utstillingar, samt det som ligg utandørs, står fram som eit særs attraktivt tilbod til besøkande.

Det er formidlingsavdelinga si oppgåve å ha jamn fokus på å vedlikehalde, oppgradere og skifte ut (delar av) publikumstilbodet i Eidsborg kvart år, slik at kvaliteten ikkje forvitrar.

Mål for planperioden: vidareutvikle teksting og digital gjenstandsformidling i basisutstillinga. Følgje opp 5-årsplanen (sjå del 4).

3.1.3 Aktivitetar og tilstellingar

I tillegg til dei utandørs aktivitetane i sesongen nemnt under 3.1.1 er det i Eidsborg gode tilhøve for tilstellingar som konsertar, føredrag, fagdagar og anna (sjå pkt. 2.6). Opningar og utstillingsrelaterte hendingar (t.d. performance) kjem i tillegg. Lokalstyret organiserer eigne tilstellingar og har m.a. ansvar for familiedagen i august, og eit jolemarknad.

Desse tilstellingar har vore faste i Eidsborg dei siste åra:

- Draumkvedet-seminar (mars, årleg sidan 2022)
- Opningstilstellingar (mai)
- Nikulsvandringa (Jonsok) – ikkje gjennomført sidan pandemien
- Familiedagen (august)
- Bondens dag (september)
- Arkivdagen (juni) – ikkje gjennomført i 2026
- Eidsborg-seminaret (oktober) – ikkje gjennomført sidan 2024
- Jolemesse (november)
- Nikulsdagen (6. desember) – ikkje gjennomført i 2025

3.1.4 Utviklingspotensiale

Det er peika ut fleire tema til utvikling av nytt permanent innhald og tilbod i Eidsborg.

Eit av desse er knytt til restaureringa av Stålekleivloftet (etter planen avslutta i 2027) – eit av Europas eldste profane trebygg, truleg bygd i 1184. Eit forskingsprosjekt på byggjemetoder som blei gjennomført i samband med restaureringa resulterte i ein handlafta kopi av overetasjen til Stålekleivloftet. Kopien vil bli sett opp i Aktivitetsparken i Eidsborg og vil bli bruka som eit spektakulært nytt formidlingsbygg.

Mål for planperioden: lage ein bruksplan for det nye formidlingsbygget, med utgangspunkt i Formidlingsplanen for born og unge 2024-27, «Frå skjerm til esse», sjå pkt. 1.4.

Det vil også bli brukt formidlingsressursar på fornyinga av brynesteinutstilling og -bok, i samband med forskingsprosjektet «Eidsborg Rock» som blir avslutta i 2027.

Det same gjeld dokumentasjonsprosjektet «Industribygdi Lårdal» som starta i 2024.

Dermed vil formidlingsavdelinga vere involvert i:

- Digital formidling av Stålekekleivloftet ved hjelp av AR (augmented reality) i samarbeid med firmaet Broomstick (planlagt ferdig i 2027)
- Bok og utstilling (delvis permanent) om Industribygdi Lårdal (2029)
- Fornya bok og utvida utstilling om brynesteinhistorie ca. 700 til 1952 (2029 eller 2030)

3.2 Norsk Skieventyr Morgedal (NSE)

Skieventyret i Morgedal blei bygd som eit opplevingssenter og opna i 1993 i samband med startskotet til fakkelstafetten til OL i Lillehammer. Stafetten starta i grua på Øverbø, fødestaden til skipionéren Sondre Norheim, av mange kalla *far til den moderne skisporten*.

I 1996/97 blei Skieventyret slege saman med Olav Bjaalands museum og bygd om til eit meir tradisjonelt gjenstandsbasert fagmuseum. Likevel er tradisjonen med avansert audiovisuell formidling vidareført, sjå pkt. 2.5.4.

Etter konsolideringa i 2002-04 har Skieventyret vore den nest største av VTM sine einingar og husa administrasjonen fram til bygginga av museumsbygget i Eidsborg var avslutta i 2012. Samlinga er formelt eigd av eit aksjeselskap som fungerer som eit lokalstyre. Sjølve museumsbygget er eigd av VTM.

Huset etter Olav Bjaalands museum blei seld frå Skieventyret A/S i 2020.

3.2.1 Formidlingsarenaer

Norsk Skieventyr har tre formidlingsarenaer: sjølve museumsbygget, plassen framfor museet og husmannsplassen Øverbø.

Museet ligg til godt synleg frå E 134, med ei ljossett fakkelvarde på utsida og store bokstavar «MUSEUM» på taket. Her er det òg ein større museumsbutikk, og ein kafé drive av eksterne.

Skieventyret eig eit område rett framfor museumsbygget, mellom butikken og Morgedalstjønni der det står den eine utgåva av Knut Skinnarland sine to skulptur av Sondre Norheim, laga for Norsk Skieventyr og Scandinavian Heritage Center i Minot, USA, i 1986.

I 2021 blei det avduka ei ny statue her, av polfarar Olav Bjaaland, laga av Håkon Anton Fagerås.

I 2022 blei det ferdigstilt eit større vassførande aktivitetsanlegg med tema *Fløyting i Morgedalsvassdraget* på området. Her kan born og vaksne leike seg med små tømmerstokkar som flyt nedover eit system av bekker og dammar. Samstundes blei det opna ein større leikeplass for born rett i nærleiken.

I 2024 blei òg minnesteinen om Sondre Norheim (laga til 100års-jubileet i 1925 av skiforeininga) flytt hit, i rett tid til 200års-jubileet til Sondre Norheim (1825-1897).

Vegen frå den store vogga ved innkjøringa til Morgedal, forbi museet, langs vatnet og opp til Øverbø, er ruta til «Morgedalsløypa», eit formidlingstiltak som kombinerer skilt og GPS-basert informasjon via museumsappen (mobiltelefon). Løypa blei opna i 2020.

I lia over Morgedal, 2,6 km frå museet, ligg Øverbø, husmannsplassen der Sondre Norheim blei fødd. Plassen er i Morgedal IL sitt eige og formidlast av VTM med skilting/app (som del av «Morgedalsløypa»), i utstillinga i museet og med omvising på bestilling. Stoga på Øverbø er open om ein tek med nykel frå parkeringsplassen.

I sesongen 2025 hadde Skieventyret kring 5000 besøkande.

3.2.2 Utstillingar og publikumstilbod

Museumsbygget i Morgedal har ca. 300 kvm utstillingsflate. Av desse er ca 100 kvm i bruk til audiovisuell formidling og kinovising. Den permanente basisutstillinga (skildra under pkt. 2.3.1) kan supplerast med ei lita temporærutstilling på ca. 20 kvm.

Her lagar formidlingsavdelinga ei ny temporærutstilling kvart 2. år i følgje planen (del 4).

Museet har kafé og butikk, og står fram som eit særs attraktivt tilbod langsmed E 134. Likevel er vegplasseringa slik at mange køyrer forbi, eit forhold som VTM arbeider vidare med.

Formidlingsavdelinga har jamn fokus på teknisk vedlikehald og oppdatering av basisutstillinga så den ikkje blir for tungdriven og utdatert.

I 2025 blei den interaktive delen av New School-utstillinga erstatta med ein skisimulator laga av firmaet SkyTechSport, med ein unik og realistisk animasjon av «Ordalsåta ned» *off-piste*.

Den unike skifilmen frå 1993 som har blitt vist ved Skieventyret heilt sidan OL på Lillehammer, blei i 2024 restaurert og modernisert under tittelen «Uvyrdslåmi».

I butikken finst ei rekke fagbøker om ski- og polarhistorie til sals, inkludert to ny-utgjevne bøker om Sondre Norheim (1993/2023) og Olav Bjaaland (1945/2021).

Museet har òg eit unikt fagbibliotek med skihistorisk litteratur som ein kan søkje i via nettsida til Vest-Telemarkbiblioteka (https://vest-telemarkbiblioteka.arena.axiell.com/startside#/).

3.2.3 Aktivitetar og tilstellingar

Det ligg til rette for arrangement fleire plassar både i og ved Skieventyret, sjølv om det ikkje finst ein verkeleg dedikert plass til dette. Butikken, kaféen og evt. kinoen er best egna.

I tillegg til utstillingsopningar har det vore tradisjon for å feire Sondre Norheim sin fødedag kring 10. juni. Ei rekkje frittståande tilstellingar har vore gjennomført, men etter at opningstida vart redusert frå heilårsope til sesongope i 2018, har det vore noko mindre aktivitet. Skieventyret bør kunne bli nytta i større grad av lokale aktørar.

3.2.4 Utviklingspotensiale

Norsk Skieventyr har sidan konseptet blei endra berre to år etter starten (1996), utvikla seg til eit seriøst og mangesidig skimuseum, med eit imponerande fagbibliotek.

Det bør ligge eit potensiale i det å reindyrke fokuset på Telemarkstradisjonen enda meir, i samarbeid med dei andre skimusea i Noreg, og utvikle det faglege innhaldet vidare. På sikt bør kanskje namnet «Norsk Skieventyr» supplerast med «Telemark» for å presisere bodskapet.

3.3 Grimdalstunet i Skafså (AGM)

Grimdalstunet blei konsolidert inn i VTM i 2017. Før dette blei all formidling drive av engasjerte friviljuge i lokalstyret, med støtte frå Tokke kommune.

Garden blei museum i 1965, berre fire år etter at Anne Grimdalen døde, og i 1975 blei det – etter ei nasjonal pengeinnsamling – opna eit moderne utstillingsbygg rett ved gardstunet.

Det er òg ein forvaltarbustad på området. Det er Tokke kommune som eig bygningar og samlinga, gjennom stiftinga Anne Grimdalens Minne (AGM).

3.3.1 Formidlingsarenaer

Grimdalstunet har to formidlingarenaer: fjellgarden Grimdalen og utstillingsbygget.

Garden Grimdalen har 11 historiske bygg, dei eldste attende til 1600-talet, og er ein sjeldan godt bevart fjellgard (rekkjetun). Av spesiell interesse er heilskapen, men òg loftet (med utskjeringar som blei restaurert/rekonstruert på 1970-talet) og ei hestevandring frå 1910-talet på sin opphavlege plass. Bygga blir formidla ved omvising, i samband med historia om Anne Grimdalen som vaks opp her (i «gamlestoga»).

Utstillingsbygget blei reist av stiftinga AGM og kommunen på initiativ av Olav Grimdalen, bror til Anne, som òg gav ut livsminna hennar i to bind 1973/74. Bygget blei reist på plassen der det frå før stod to skur med atelier og lager som Anne bruka når ho var heime.

I sesongen 2025 hadde Grimdalstunet over 2500 besøkande.

3.3.2 Utstillingar og publikumstilbod

Utstillingsbygget er på ca. 450 kvm i to etasjar og husar tre utstillingar:

- Skulpturar og verkutkast etter bilethoggar Anne Grimdalen (1899-1961)
- Måleri i serien «Draumkvedet» av Karl Erik Harr (langtidslån sidan1994)
- Ei årleg salsutstilling med aktuelle regionale kunstnarar, organisert av lokalstyret.

Skulpturutstillinga blei revidert i 2018, og fekk m.a. ei modernisert vising av video og bilete. Utstillingane blir formidla gjennom skilting, utstillingskatalog og omvisingar i sommarsesongen.

Bygget har òg butikk og kafé med kjøken. Plasseringa langs FV45 gjer at Grimdalstunet er ein populær rastestad for turistar på veg til og frå Setesdal. Dette er grunnen til at berre under halvparten av dei besøkande er betalande museumsgjester.

Utanfor museumsbygget startar ein naturstig med skilt frå Skogeselskapet som etter hogst blei fornya i 2026. Det vil ta nokre år før stigen er fullstendig rekonstituert.

3.3.3 Aktivitetar og tilstellingar

Det utandørs området med fjellgardstun og skulpturar i stein og bronse er særs attraktivt som oppleving i seg sjølv, og inviterer til å gå rundt på tunet. Av aktivitetar i sesongen kan ein nemne skattejakt for born og ein natursti i nærområdet.

Det er i liten grad tilrettelagt for tilstellingar ved Grimdalstunet. Dei årlege utstillingsopningane finn stad i sjølve skulpturutstillinga, noko som ikkje er ideelt. Kaféen er betre egna, men har ikkje mykje plass.

3.3.4 Utviklingspotensiale

Skulpturutstillinga ved Grimdalstunet er god og representabel, men kan gjerne vidareutviklast med meir digital/audiovisuell formidling.

Framtida til Draumkvedet-utstillinga er inntil vidare uviss, sidan det ikkje finst ei endeleg avtale med Karl Erik Harr. Lokalstyret arbeider for å kjøpe utstillinga, men har så langt ikkje lukkast.

3.4 Åmdals Verk Gruver (ÅVG)

Åmdals Verk Gruver er eit unikt, men lite kjend bergverksmuseum. Av dei mange kilometer med gruvegangar i fjellet (i drift 1691 – 1945) er i dag ca. 1 km godkjend som sikra og gjort tilgjengeleg.

På utsida er det bygd eit museumsbygg i to etasjar på tomta til det gamle «skeidehuset».

Museet kom til som resultat av 21 år med dugnad utført av lokale eldsjeler mellom 1981 og 2002, med relativt lite offentleg tilskot. Det er Tokke kommune, ei lokal stifting og Direktoratet for mineralforvaltning som formelt eig kvar sin del av området. Eininga har eit svært aktivt lokalstyre som bidreg mykje til vedlikehald. Dei siste åra er det gjort fleire store forbetringar både utanfor og innanfor gruva.

Museet og den tilgjengelege gruva blei opprusta og vidareutvikla i eit større prosjekt i 2017, og utvida vesentleg i 2026.

3.4.1 Formidlingsarenaer

Det er fem hovudformidlingsområde:

- Gruva
- Museumsbygget «Skeidehuset»
- Museumsbygget «Brårjordet»
- Uteområdet
- Omlandet

Gruva er tilgjengeleg rett frå museet og utgjer i seg sjølv ei fullverdig oppleving, fordelt på to gruvevandringar med ulik lengd.

Den «korte» turen går ca. 600 m inn frå Brårjordstulen via Sølvsynken/Oljehuset og Ingeborg-sjakta til Smia, og attende. Vandringa tek i underkant av 1 time.

«Langturen» er på 1000 m og går vidare frå Smia via Storheisen, Abelsjakta, Johannesgangen og Cross cut ut i dagen ved kompressorhuset, og attende til museet på utsida. Langturen blei opna etter omfattande sikringsarbeid i 2026. Vandringa tek ca. 1,5 time.

Gruva blir reinska med spett med jamne mellomrom, og har elles ljos, trappar og gelender, samt fleire tablå med dokkar – og lyd – som VTM sette inn i 2017. Den held 6 – 8°C året rundt, og strossene har ein vinkel på ca 51°. Formidlinga skjer berre ved omvising, med sikringspersonale på utsida (kontakt skjer via radio).

Museumsbygget opna i 1991 (hovudbygget) og 2003 (modellutstillinga og overbygget til gruveinngangen).

Brårjordet blei sett opp i 1994 som eit lafta bruksbygg utanfor Skeidehuset. Her har det vore ulike aktivitetar. I 2021 blei det her sett opp ei permanent fotoutstilling frå stordomstida på 1800-talet, og nokre år seinare kom ein modell av kapteinsbygget laga av Ståle Brendstuen.

Uteområdet omfattar ein stor steintipp, ein skinnegang på ca. 250 m til ruinane av «Elmorevaskeriet», eit skjerp med overbygg tilrettelagt for born («barnegruva») og dei to laftebygga «Brårjordet» og «Kontoret» (der det m.a. er eit gjenstandslager).

Omlandet omfattar eit større areale på «museumssida» av elva. Relevant for formidlinga er:

- Gruveparken med tuftene etter kapteinsbygningen, symjebasseng og tennisbane, med høve til tilstellingar, grilling mm.
- Verkenstomta og «Gamlebyen», der mange av driftsbygningane sto (borte no)
- Stigen til «Cross cut» med elva og kompressorhuset
- Skjerpenuten med skilta rundtur til fleire mindre gruver og skjerp
- «Malmvegen» med QR-basert formidling i museumsappen
- Åmdals Verk sentrum som ein historisk busetnad med opphav i gruvedrifta.

Formidlinga ute går føre seg ved sjølvsyn eller med omvisingar. Berre ein del av uteområdet og omlandet er skilta.

I sesongen 2025 hadde Åmdals Verk gruver kring 3000 besøkande.

3.4.2 Utstillingar og publikumstilbod

I «Skeidehuset» finn ein fleire basisutstillingar, sjå 2.3.1. I «Brårjordet» er det sett opp ein permanent historisk fotoutstilling frå 2021.

I Skeidehuset er og forsamlingslokale, kafé og ein liten suvenirbutikk. I underetasjen nedanfor trappa visast ein video på norsk og engelsk om gruvehistoria. Langs kaféveggane, i trappa og andre plassar er det høve for mindre utstillingar (som t.d. av skomakarverktøy) og temporærutstillingar.

Modellutstillinga i sidebygget er i seg sjølv ein museumsgjenstand, sidan ho i sin heilskap er bygd av lokale handverkarar (brørne Bastiansen mfl.) på dugnad mellom 1982 og 2002. Her kan ein få demonstrert historiske måtar å utvinne kopar på, saman med modellar av vasshjul, oppgangssag og kraftverk. I tillegg er det utstilt mykje reiskap frå gruvedrifta.

Modellavdelinga krev vedvarande vøling som FDV gjennomfører årleg.

3.4.3 Aktivitetar og tilstellingar

Av moglege aktivitetar i sesongen peiker den nye «barnegruva» seg ut. Her kan born leige hjelm og hamar og prøve å slå laus steinbitar dei kan ta med heim.

Overetasjen (kaféen) i «Skeidehuset» er særs godt egna for tilstellingar. Lokalbefolkninga bruker lokalet regelmessig til møter, songkveldar, bryllup og konfirmasjonar. Ein til to gonger i året er det faglege aktivitetar, føredrag eller liknande.

Inne i gruva er det innreia eit konsertlokale i «Sølvsynken». Her har det vore ulike framføringar i eit svært spesielt miljø, som kan vere utfordrande pga. vegen inn, temperatur og fukt.

3.4.4 Utviklingspotensiale

I forlenging av den nye «langturen» er det planlagt å knyte eksisterande og nye vandrerutar saman til eit nettverk av turstigar som òg inkluderer vandring tvers gjennom gruva. Dette skjer i regi av Høgde A/S i prosjektet «59° Nord» med støtte frå Tokke kommune. Prosjektet vil sannsynleg gje auka turisttrafikk til Åmdals Verk og difor få konsekvensar for gruvemuseet.

Etter at «langturen» blei godkjent for bruk, har lokalstyret òg teke eit nytt initiativ i det såkalla «Maraton-prosjektet» - eit lokalt maratonløp med «langturen» som ein del av ruta.

Sidan 2023 har ei gruppe dykkarar gjennomført dykk i den vassfylte delen av gruva. Det er planer om å lage eit TV-innslag om dette. På lengre sikt kan dei dokumenterte og sikra gruvegangane som ligg under vatn kanskje opnast for andre gruvedykkarar.

Mål for planperioden: gjere gruva meir kjend hjå bergverks-interesserte og anna publikum generelt, både i Noreg og utlandet, ved å delta i dei nemnde utviklingsprosjekta.

3.5 Kviteseid Bygdetun

Kviteseid bygdetun er av dei eldste bygdetuna i Noreg. Det blei skipa i 1907, men først etter 1950 blei husa flytt til eigedomen der tunet ligg i dag (grunneigar er Cappelen-familien). Det er i dag 12 bygg på tunet, m.a. stoge og loft frå den rike heigarden Flekstveit i Lårdal. Lofta høyrer til dei mest fotograferte husa i Vest-Telemark, dei har m.a. vore på emballasjen til Gilde julepølse!

Ikkje langt unna ligg Kviteseid gamle kyrkje, bygd som hovudkyrkje i stein i romansk stil i siste halvdel av 1100-talet, og den gamle handelsplassen Kauphamar/Hollendarodden ved Kviteseidvatnet (nedanfor prestegarden).

I 1978 blei det oppført eit utstillingsbygg like ved bygdetunet, for å huse skulptursamlinga etter bilet-hoggar og kunstprofessor Gunnar Utsond frå Kviteseid. Samlinga var ei gåve frå familien til kommunen.

Lokalstyret for Kviteseid bygdetun blir oppnemnt av kommunen. Det er eit aktivt styre mot. både planlegging av innhald og dugnad. I tillegg finst ein lokal støtteforeining.

3.5.1 Formidlingsarenaer

Friluftsmuseet (bygdetunet) og utstillingsbygget (Utsondhalli) er dei to viktigaste formidlingsplassar ved Kviteseid bygdetun.

Bygdetunet er ope for publikum heile året, og formidlast gjennom sjølvsyn (med skilting) og gjennom omvisingar. I fleire av bygga (Flekstveitstoga, eldhuset, Tveitloftet, husmannsstoga og låven) er det mindre utstillingar eller aktivitetar i sesongen.

I tillegg kjem **steinkyrkja** som er i drift og eigd av den norske kyrkja, medan VTM formidlar den med omvisingar, hovudsakleg i sesongen.

I sesongen 2025 hadde Kviteseid bygdetun kring 1500 besøkande.

3.5.2 Utstillingar og publikumstilbod

I **utstillingsbygget** (Utsondhalli) er det ei permanent utstilling på ca. 40 kvm med skulpturar etter Gunnar Utsond (1864-1950). Utstillinga blei sist revidert i samband med 150 års-jubileet i 2014. Det vil vere høve til ei ny revisjon i samband med ei evt. ombygging (sjå 3.5.4.).

I tillegg er det ca. 60 kvm med plass til temporærutstillingar. Sidan 2013 har det vore ei ny utstilling her kvart år, gjerne i samarbeid med Kviteseid historielag og lokalstyret. Dei siste åra har det vore tema- og kunstutstillingar om kvarandre kvart 2. år.

Til trass for mindre utbetringar står utstillingslokalet i dag fram som ukurant, nedslite og utdatert. Eit kommunalt oppussingsprosjekt blei lagt på is pga. dårleg økonomi.

I utstillingsbygget er det og ein liten kafè kombinert med bok- og suvenirsal.

I **Flekstveitstoga** er det ei utstilling om livet på storgarden Flekstveit i andre etasje. Denne blei sett opp på nytt i 2023, med materiale frå ein temporærutstilling året før.

I **låven frå Rogdeli** er det i dag to reiskapsutstillingar med landbruksreiskap i underlåven og på høgloftet. Det er høve for forbetringar i desse permanente gjenstandsutstillingar.

Tveit-loftet og dei andre bygga er ikkje opne for publikum, sjølv om det er eit ønskje.

Mål i planperioden: gjere ferdig utstillingane i Rogdeli-låven, samt opne Tveitloftet for innsyn.

3.5.3 Aktivitetar og tilstellingar

I eldhuset på bygdetunet var det tidlegare husflidsaktivitetar som braudbaking o.a. på einskilde vekedagar i sesongen, organisert av lokalstyret, men ikkje dei siste åra.

I juli 2019 blei det for første gong gjennomført ein stor «Vikingdag» ved bygdetunet og på Kauphamar, i samarbeid med kommunen. Sidan Corona-epidemien har dette vore arrangert anna kvart år. VTM (publikumsavdelinga) har hovudansvaret. Samlinga av vikingklede som Fyresdal kommune har deponert ved VTM frå 2026, blir bruka aktivt her.

På plenen framfor utstillingsbygget blir det tradisjonelt gjennomført fleire tilstellingar kvart år, som opningsdagen, Kviteseiddagen og einskilde fagseminar i samband med temporærutstillinga. Ved dårleg vêr har tilstellinga blitt flytta inn i utstillinga, noko som ikkje er ideelt.

3.5.4 Utviklingspotensiale

Det føreligg skisser og planutkast for å oppgradere delar av Kviteseid bygdetun:

- byggje om Utsondhalli, evt. utvide bygget, for å skape større utstillingsplass
- oppgradere utstillingsområdet mot. belysning, veggar, soklar osb.
- byggje om inngangspartiet i Utsondhalli med ny inngang og «publikumssluse»
- legge inngangen til ein ny parkeringsplass langsmed FV41
- stengje dagens inngang til tunet og samle området betre med gjerding.

Prosjektet må godkjennast og delfinansierast av Kviteseid kommune. På grunn av dårleg kommuneøkonomi er planane inntil vidare sett på vent.

3.6 Øyfjell Bygdemuseum

Øyfjell bygdemuseum blei starta i 1931 på initiativ av – og med midlar frå – brørne Olav og Tarjei O. Trovatn. Dei fekk m.a. bygd eit museumsbygg etter mønster av amerikanske bankbygg, i kila granitt.

Bygdetunet har eit meir moderne preg enn dei andre bygdetuna i Vest-Telemark. Bygga er frå eit stykke utpå 1800-talet, med unnatak av loftet som blei bygd i 1967, men i gamal stil. Dei gamle bygga er

flytt dit frå gardar i nærleiken, t.d. Mostøylstoga frå Høydalsmo, eit hus som er innreia i «bystil» slik den var kring 1920.

Museet blei gjeve til bygda Øyfjell som testamentarisk gåve. Ei stifting som stod for drifta før konsolideringa, bidreg i dag med eit særs aktivt lokalstyre.

3.6.1 Formidlingsarenaer

Museumsbygget og tunet er dei to store formidlingsarenaene i Øyfjell.

Museumsbygget er unikt både i byggestil og innhald. Det inneheld mange gjenstandar, fordelt på eit mangfald av mindre utstillingar. Formidlinga skjer ved skilting innandørs, og omvising i sesongen. Sidan 2023 har utstillingane blitt revidert trinnvis; arbeidet er ikkje ferdig.

Eit nytt og moderne kafébygg blei bygd og opna i 2022, samstundes med at eit gamalt fjos blei flytta hit frå Hyttedalen. I fjoset har det sidan vore utstillingar av lokal kunst i sesongen.

Bygdetunet er alltid ope for publikum, og formidlast ved sjølvsyn og skilting, og omvising i sesongen. Det er no totalt 12 bygg tilknytt tunet.

I sesongen 2025 hadde Øyfjell bygdemuseum i underkant av 1000 besøkande. I motsetnad til dei fleste andre einingar, er museet ope med omvising berre i helgane i sesongen.

3.6.2 Utstillingar og publikumstilbod

Dei faste utstillingane i museumsbygget (sjå 2.3.1) er av ulik alder og tema og inneheld «reiskap, drakter, rosemåling, husgeråd og ymse snurrepiperi» som det heiter på heimesida. Blant høgdepunkta er ei særs flott «ølhøne» og ein brennevinsdunk som kom til Seljord i 1870 med ei mislykka ballongferd frå eit beleira Paris.

I 2015 fekk *Nystogsamlinga* frå Mannås – som Vinje kommune kjøpte i 1987 – plass i ei eiga utstilling. Denne blei skilta på nytt i 2024. I 2023 kom ei lita utstilling om *Jakt og Fiske*, og ei utstilling om brørne Trovatn, skiparane av museet. Leivningane etter Øyfjell stavkyrkje fekk eit eige lita hjørne i 2024.

I første etasje av museumsbygget er det eit rom på ca. 40 kvm til årlege temporærutstillingar. Desse blir laga etter lokalt initiativ og i samarbeid med lokalstyre og historielag.

I låven frå Ormbrekk er det montert ei utstilling om «Arbeidshesten» (2014) med foto og reiskap. I Mostøylstoga kan ein sjå innreiing i bystil frå nyare tid (ca. 1920). Her er det og eit kjøken med sitteplassar.

Lokalstyret lagar med jamne mellomrom eigne utstillingar i overetasjen til Mostøylstoga.

Den nye og moderne kaféen (med toalett) utgjer eit populært innslag for besøkande og lokalbefolkninga.

3.6.3 Aktivitetar og tilstellingar

Kvar laurdag gjennom heile sesongen arrangerer lokalstyret handverksaktivitetar i tunet som trekker mykje lokalt publikum. Andre årlege aktivitetsdagar er museumsopninga, Øyfjelldagen

og messesundagen. Her er det mykje lokalt engasjement.

3.6.4 Utviklingspotensiale

Øyfjell bygdemuseum har vore under utviding i fleire år. Bakgrunnen er initiativa til eit svært aktivt lokalstyre, ein positiv kommune og aukande besøkstal til trass for kort opningstid.

Mål for planperioden: følgje opp den positive utviklinga.

3.7 Kunstmusea i Rauland

Dyre Vaa-samlingane og Knut Skinnarland-samlinga går under fellesnamnet «Rauland kunstmuseum». Dei ligg ca. 100 m frå kvarande med eit skogholt imellom. Opna i høvesvis 1981 og 1994, representerer dei to av dei største bilethoggarar i Telemark og Noreg: Dyre Vaa (1903-1980) og Knut Skinnarland (1909-1993). Dyre var fødd i Kviteseid, men arbeidde på Rauland, medan Knut er fødd der.

Som det går fram av årstala, er musea bygd like etter kunstnarane gjekk bort, med utgangspunkt i samlingar som Vinje kommune fekk i gåve. Båe museum har lokalstyre oppnemnt av kommunen.

3.7.1 Formidlingsarenaer

Båe museum er bygg med innandørs formidling, sjølv om det òg finst skulpturar på utsida.

Dyre Vaa-samlingane er eit stort bygg oppført 1978-79, høgt under taket – som er naudsynt til dei største skulpturane –, men i relativt dårleg stand. Då delar av taket rasa saman i 1988, blei nokre av skulpturane øydelagde. I dag er det problem med m.a. fukt og vassinntrenging, og snolast på taket. Ljossettinga er dårleg og utdatert. I 2019 blei det gjort ein del naudsynt vølingsarbeid, men hovudinntrykket er framleis eit slitt og utdatert bygg.

Skinnarlandsamlinga er vesentleg mindre som bygg, men står fram som betre vedlikehalde og meir moderne. Ljossettinga blei forbetra i 2015 og 2020.

Det er ingen digital eller audiovisuell formidling med unnatak av éin skjerm med automatisert filmvising i kvart museum.

Det har i fleire år eksistert eit initiativ frå kulturpersonar i Rauland om å leggje dei to musea saman i eit heilt nytt kunstmuseum, som òg kan omfatte fleire kunstnarar. Dette støttast av VTM som òg ser behov for eit betre skulpturmagasin. Ideen har vore greia ut av kommunen og det føreligg i dag fleire ulike arkitektutkast til eit nytt bygg. Men utforming, plassering og finansiering er framleis uklar (sjå 3.7.4.).

I sesongen 2025 hadde Rauland kunstmuseum kring 1100 besøkande, fordelt på 700 (Dyre Vaa) og 400 (Knut Skinnarland).

3.7.2 Utstillingar og publikumstilbod

Hovudutstillingane i båe musea er skulpturutstillingar, der mange ulike verk, store og små, er utstilt på sokkel. Dei fleste er støypeoriginalar i gips. I tillegg er det teikningar og noko grafikk

og måleri. Utstillingane er laga etter nokså tradisjonelt mønster, der kvantitet går framfor samanheng. Utstillingane er blitt noko reviderte i 2015 (Skinnarland) og 2019 (Vaa).

I 2023 blei brosjyren til Dyre Vaa – som også fungerer som katalog – revidert og fornya.

I Dyre Vaa-samlingane er det òg utstillingar med verk av sonen Tor Vaa og Rauland-grafikaren Svallaug Svalastoga. Delar av bygget er i bruk av lokale foreiningar til veving og treskjering.

Eit rom på 40 kvm der det tidlegare var grafiske verk av Dyre Vaa, er sidan 2019 blitt bruka til temporærutstillingar av kunst i lokalstyret sin regi.

Utstillinga om Svallaug Svalastoga blei fornya med bl.a. nye rammer og nytt ljos i 2023.

I Skinnarlandsamlinga er eit sentralt element ein rekonstruksjon av Skinnarland sitt atelier på Rauland. I inngangspartiet til museet er det eit stort todelt temporærutstillingsrom på 100 kvm. Dette brukast av lokalstyret til ei årleg, populær salsutstilling med aktuelle kunstnarar. I inngangspartiet til skulpturutstillinga er det og eit kjøken og nokre kafébord.

Formidlinga skjer ved sjølvsyn og utstillingskatalogar, samt omvisingar i sesongen.

3.7.3 Aktivitetar og tilstellingar

Det er ikkje lagt spesielt til rette for tilstellingar i dei to musea. Likevel har det vore ein tradisjon for m.a. konsertar båe plassar, der lokalstyret eller USN på Rauland har stått som arrangør. Tilstellingane blei halde innimellom skulpturane, med einskilde skader som resultat.

Formidlings- og samlingsavdelinga er samde om at slike tilstellingar bør sikrast betre, t.d. ved å avgrense talet publikum og gjennom betre sikring. Det er så langt gjort enkle sikringstiltak med fastbolta soklar og avsperringar.

Ved Knut Skinnarland-samlinga kan det todelte temporærutstillingsrommet brukast til tilstellingar, om det ikkje er i bruk til utstilling i sesongen.

3.7.4 Utviklingspotensiale

Utstillingane i Rauland kunstmuseum har eit heilt klart oppgraderingsbehov. Når ein har vald å ikkje bruke mykje energi på dette, er det fordi initiativet til eit heilt nytt kunstmuseum i Rauland framleis ligg på bordet. Dette kan i så fall bli eit formidlingsbygg kombinert med magasin. Kvar det skal liggje, eller om det kan baserast på eit eksisterande bygg, er uklar. I 2026/27 skal kommunen kartleggje tilstanden i Dyre Vaa-bygget for å vurdere om det evt. egnar seg til ei samlokalisering.

På grunn av dårleg kommuneøkonomi er det pdd. ikkje klart korleis dette prosjektet vil utvikle seg. Det er maktpåliggjande å syte for at kunsten og publikum får betre kår uavhengig av dette.

Ei kunstfagleg vurdering av alle VTM sine skulptursamlingar blei utført i 2017 av tidl. direktør ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Morten Johan Svendsen.

Mål for planperioden: bidra til vidare utviklinga av prosjektet «Nye Rauland kunstmuseum», og vurdere tiltak som kan betre forholda ved dagens utstillingar i mellomtida, saman med samlings- og publikumsavdelinga og FDV.

3.8 Smørklepp kunstmuseum

Smørklepp kunstmuseum (tidl. Vinje biletgalleri) er ei «skjult perle» i VTM si skattekiste. Eit imponerande galleribygg i stein dukkar opp i skogen, 10 minutt til fots frå parkeringsplassen som igjen ligg langs ein smal bygdeveg i Smørklepp, nokre km frå E134.

Plasseringa er vald med vilje for å framheve det mystiske og naturromantiske som målaren Henrik Sørensen og hans krets opplevde då dei budde på Negarden og måla i området om sommaren gjennom fleire tiår frå 1920- til 1950-talet. Plasseringa av galleriet fungerer difor som ein del av formidlinga.

Bygget er teikna av Bjart Faye Mohr og bygd i 1991, nesten 20 år etter «tvillinggalleriet» Holmsbu kunstmuseum (tidl. Holmsbu billegalleri) på Hurumlandet, som er bygd i same stil og har ei liknande plassering. Sonen til Henrik Sørensen, Sven Oluf Sørensen, var initiativtakar og byggherre for båe musea.

Bygg og samling er i eigde av Vinje kommune. Det finst eit aktivt lokalstyre oppnemnd av kommunen.

I 2020 blei det opphavlege namnet «Vinje biletgalleri» offisielt endra til «Smørklepp kunstmuseum».

3.8.1 Formidlingsarenaer

Galleribygget med sine utstillingar i overetasjen er hovudformidlingsarena.

50 m frå galleribygget står «Sørensenhytta», ei drengestoge som målaren fekk henta i 1951 frå prestegarden i Mo, antakeleg fordi Torbjørg Ripilen, ei av Moltke Moe sine kjelder til Draumkvedet, skal ha budd i den når ho var på Mo. Hytta blei flytt til museet i 2004 med ein del originalt interiør. I 2022 blei hytta gjort til ein formidlingsstad med ei fotoutstilling, og noko av originalinteriøret blei gjort tilgjengeleg.

Landskapet kring galleriet, med utsikt mot eit av Sørensen sine mest sentrale motiv, fjellet Ånondskarnuten, er ein formidlingsarena i seg sjølv.

I sesongen 2025 hadde Smørklepp kunstmuseum kring 700 besøkande.

3.8.2 Utstillingar og publikumstilbod

Hovudutstillinga i overetasjen til galleribygget omfattar kring 40 måleri av Henrik Sørensen (1882-1962), dei fleste frå Sørensen sine mange opphald i Telemark. Utvalet er gjort av sonen Sven Oluf og er i utgangspunktet permanent.

I eit separat rom er det ei utstilling med 20 måleri av Harald Kihle (1905-1997), Sørensen sin ven og målarkollega. Desse har i hovudsak motiv frå Telemark.

Båe utstillingar blir formidla i hovudsak med omvising, men det finst ein liten brosjyre med verklister for båe kunstnarar. Slik det er no, er kvaliteten av formidlinga særs avhengig av dei gode og erfarne omvisarane som jobbar der kvar sommar.

Når «Sørensenhytta» blei opna for innsyn i 2022, blei det laga ei permanent fotobasert utstilling om Sørensen og Kihle si tilknyting til Telemark, samt eit tablå med møblar og

gjenstandar frå hytta si historie. Det er også lagt til rette for at hytta kan fungere som eit samlings- og aktivitetsrom for mindre grupper.

Det har lenge vore eit ønske om å betre samarbeidet med «tvillingmuseet» Holmsbu kunstmuseum; ein offisiell kontakt mellom styra blei oppretta i 2020. Etter at Holmsbu kunstmuseum blei ein del av Musea i Akershus (MIA) i 2023, har denne kontakten blitt formalisert. I 2026 var det for første gong ein offisiell utveksling av måleri mellom dei to musea, og for 2027 er det planlagt felles marknadsføringstiltak, m.a. ein felles brosjyre.

Det har vore lite formidling til barn og unge, og ikkje noko DKS-tilbod dei siste åra. Med tilrettelegginga av «Sørensenhytta» for gruppearbeid vil dette vere meir aktuell å tilby.

Mål i planperioden: Halde fram med samarbeid med Holmsbu om felles formidling og gjensidig representasjon, og lage minst éi «bytteutstilling». Utvikle eit DKS-tilbod.

3.8.3 Aktivitetar og tilstellingar

Det er tradisjon med konsertar og føredrag (t.d. under litteraturdagane i Vinje) eit par gonger i året. Desse finn stad i hovudutstillinga, noko som kan gjennomførast under visse føresetnadar.

Det har ikkje vore noko tilbod om aktivitetar for besøkande i sesongen. Dette kan ein evt. revurdere i og med tilrettelegginga av «Sørensenhytta» for grupper. Men besøksgrunnlaget bør bli større før ein brukar ressursar på det.

3.8.4 Utviklingspotensiale

Potensialet i å auke besøket ved Smørklepp kunstmuseum er truleg stort.

Ein har gjort situasjonen betre ved å endre namn på museet, samarbeide aktivt med Holmsbu kunstmuseum og oppgradere «Sørensenhytta» for utstilling og gruppebruk. I 2026 blei òg stigen mellom Mjonøy og Smørklepp kunstmuseum skilta betre.

Mål for planperioden: følgje opp utviklinga med tanke på betre marknadsføring.

3.9 Fyresdal Bygdemuseum

Fyresdal bygdemuseum er eit av dei to eldste bygdetun i Telemark. Det blei skipa i 1909 og ligg – nokså spesielt for eit bygdetun – midt i Fyresdal sentrum.

Parkområdet «Øyskogen» med fleire gravhaugar frå folkevandringstida, 12 antikvariske og to nyare bygningar er den sentrale delen, men til museet høyrer og eit større hus i Folkestadbyen med m.a. eit historisk bakeri. Sidan 2023 er dette huset i sommarhalvåret utleigd til organisasjonen «Aktiv Fyresdal» som driv med landsbyovernatting for turistar.

Eit anna historisk bygg i Folkestadbyen, «Øystad», blei seld ut av museet i 2016.

Øyskogen er kommunal, medan bygningar, og bakeriet, er i museumsforeininga sitt eige, men driftast av ein samskipnad i samarbeid med VTM. Samskipnaden har eit styre med éin kommunerepresentant. Styret er sidan 2024 blitt meir aktiv og deltak no i planlegginga av kvar sesong.

Dampskipet M/S Teisner blei i 2026 gjeve bort av lokalstyret og er ikkje lengre i museet sitt eige. Men det er det fleire andre lokalitetar (eit gamalt sagbruk, ei hengebru mfl.) som framleis er.

3.9.1 Formidlingsarenaer

Fyresdal bygdemuseum har tre formidlingsområde: Øyskogen, museumsbygget og bakeriet.

Øyskogen er eit parkområde som opphaveleg låg mellom to bekkar; den eine er lagt i røyr etter ein flaum tidleg på 1900-talet. Her er det fleire gravhaugar frå 400-talet. Haugane er del av eit større gravfelt som i dag ligg under Fyresdal sentrum.

I Øyskogen er det mellom 1914 og 1984 sett opp 14 bygg (og nokre andre element som ei 500 år gamal furustamme, ei kape (steintrau) mm. 12 bygg er antikvariske gardshus frå ulike plassar, med «Borgjastoga» som det eldste (kring 1600) og «tingstoga» frå Bjørnstad som den mest bruka. Husa er sett opp slik at det er mogleg med tilstellingar som spel eller utandørs konsertar med bygningane som kulisse.

Museumsbygget ligg i Øyskogen og blei sett opp i 1961. Det er på ca. 50 kvm og svarar i dag ikkje til krava for eit museumsbygg mot. fukt og temperaturregulering. Difor er det sidan 2015 berre blitt bruka berre til mindre utstillingar. I dag er «skulestoga» med møblar og gjenstandar frå eldre skuledrift flytt hit frå Øystad, men står i eit lagerrom.

Bakeriet er eit større bustadhus frå 1886 og del av Folkestadbyen, ei historisk husklynge som ikkje er del av museet, men blir formidla gjennom skilting som VTM har gjennomført for Fyresdal kommune i 2014. Her finst eit bakeri med omn frå 1950-talet, men og mange andre rom med innreiing og gjenstandar frå ulike periodar. Huset er utleigd for overnatting om sommaren.

Det er årleg registrert over 1000 besøkande, men desse er i hovudsak telt ved bygdedagen i juni. Det finst ikkje presise tal for dagleg besøk i Øyskogen gjennom sesongen.

3.9.2 Utstillingar og publikumstilbod

Øyskogen ligg som ein fellespark i Fyresdal sentrum, og er difor vanskeleg å «styre» som eit museumsområde. Husa formidlast gjennom sjølvsyn/skilting og gjennom at dei blir opna for innsyn i juni og juli. Fyresdal bygdemuseum og evt. temporærutstillingar i museumsbygget er bemanna med guide berre fire helgar i juli. Omvising kan tingast ved behov.

Det har de siste åra vore fleire mindre utstillingar. Klimaet i det gamle utstillingsbygget er ikkje godt pga. fukt. I tillegg er potensialet for betalande publikum lågt.

Det finst ein bok om historia til bygdemuseet. Det er planar om å lage ein app-basert formidling av bygdetunet (GPS/QR-koder).

Øyskogen er elles mykje bruka av besøkande og lokale som rekreasjonsområde.

Mål i planperioden: utvikle app-basert formidling i Øyskogen.

3.9.3 Aktivitetar og tilstellingar

Det er lokale aktivitetar ved Fyresdal bygdemuseum på fire laurdagar knytt til bemanninga i sesongen (helgane i juli). Desse blir organisert av lokalstyret.

I Øyskogen er det fleire større tilstellingar kvart år, som bygdedagen (juni). VTM har tidlegare hatt museumsaktivitetar på desse dagane, men ikkje dei siste åra.

3.9.4 Utviklingspotensiale

Fyresdal bygdemuseum har eit klart utviklingsbehov, men fleire utfordringar:

- ukurant museumsbygg
- låge og usikre besøkstal
- opent areale som er vanskeleg å kontrollere.

Det har i fleire omgangar blitt forsøkt å setje i gang bygging av eit nytt museumsbygg i samarbeid med kommunen, utan at det har lukkast.

Mål for planperioden: freiste å auke aktivitet ved Fyresdal bygdemuseum, i samarbeid med lokalstyret.

3.10 Myllarheimen Arabygdi

Husmannsplassen Kosi i Arabygdi var siste buplassen til spelemannen Torgeir Augundsson (1801-1872), kjent som Myllarguten. Plassen blei etablert som ein minnestad på initiativ av målaren Harald Kihle i 1949, og opna i 1951.

Stoga på plassen er ikkje original – den blei flytt hit i 1950. Men dei andre bygga er originale, løa i bjørk skal til og med vere bygd av Myllarguten sjølv. Sjølv om plasseringa av husa ikkje er slik den var i hans tid, gjev Myllarheimen eit visst inntrykk av korleis slike plassar kunne sjå ut, og korleis Myllarguten kan ha levd dei siste åra av sitt liv.

Det er sett opp ein statue laga av Dyre Vaa like ved, og i dag er Myllarheimen ein skilta stopp og rasteplass for turistar langs FV362 ved enden av Totak.

3.10.1 Formidlingsarenaer

Formidlinga ved Myllarheimen skjer ved sjølvsyn og skilting, og ved omvising på bestilling. Sjølve plassen er hovudarena. VTM har omvisarar som kan bidra med felespel ved ønskje.

Det føreligg ikkje tal for kor mange som har vore innom Myllarheimen dei siste åra. Det har ikkje vore tinga omvisingar på fleire år.

3.10.2 Utstillingar og publikumstilbod

I 2022, til 150-års-markeringa, blei den gamle utstillinga med gjenstandar og dokument inne i stoga på Myllarheimen erstatta med eit ljossett tablå sett saman av rekvisittar som kan sjåast gjennom glasa utanfrå.

Samstundes blei skiltinga ved plassen fornya, og eit app-basert formidlingstilbod med QR-kode kom på plass.

3.10.3 Aktivitetar og tilstellingar

Opninga av Myllarheimen i 1951 var ei stor hending som samla fleire tusen menneske.

Sidan har det vore gjennomført einskilde tilstellingar med ujamne mellomrom. I 1962 blei det vist eit stort historisk spel på plassen, og i 1969 blei statuen av Myllarguten avduka.

I 2022 var det 150 år sidan Myllarguten døydde, noko som blei markert med taler og musikk. Sidan har det ikkje vore aktivitet. Lokalstyret er ikkje-eksisterande.

3.10.4 Utviklingspotensiale

Myllarheimen står etter oppgradering med tablå, app-basert formidling og ny skilting fram som eit velfungerande minnesmerke over Myllarguten. Det vil framleis vere mogleg å tinge omvising (ved ønskje med musikk) gjennom VTM.

Gjeve plasseringa, avstandar og storleik på staden, er det lite som tilseier at det er potensiale for meir aktivitet.

3.11 Andre formidlingsstader

VTM har ansvar for fleire formidlingsstader som ikkje direkte høyrer under museet.

Den største av desse er **Dyrsku'n i Seljord** (andre helg i september kvart år), der VTM på 2000-talet har bidrege med ei årleg utstilling i **Gongestogo** (heimen til handverkaren og sogeforteljaren Hølje Gonge). Gongestogo blei flytt til Dyrskuplassen frå Trollebotn i 1997.

I Gongestogo blir det òg gjennomført eit årleg opplegg innan «Jol i gamle dagar» (DKS).

Sidan 2019 har VTM òg hatt ansvar for **husflidstevlinga og -utstillinga**, samt for **Sterke Nils-tunet** på Dyrsku'n. Dette er eit eksternt finansiert oppdrag for Dyrsku'n Arrangement AS, og det er tilsett ein eigen prosjektleiar for dette. Formidlingsavdelinga bidreg sterkt til utstillingsbygginga.

Ved bryggja på Dalen har VTM ansvar for **utslagsplassen** – eit skiltbasert formidlingstiltak kring historia til Telemarkskanalen, brynesteintransporten og fløytinga. «Bryggjeutstillinga» i pakkhuset blei fjerna i 2023, og det er framleis uklart om den skal bli etablert på nytt.

På Mjonøy (Vinjesvingen) gjennomfører VTM eit årleg opplegg innan «Jol i gamle dagar» (DKS).

4 – TILTAKSPLAN 2026-2030 OPPDATERT JUNI 2026

Denne planen oppdaterast kvar haust gjennom planperioden, i samarbeid med leiargruppa og lokalstyra.

Generelle tiltak, permanent formidling

	2026	2027	2028	2029	2030
Fokus/mål	Fleire utstillingsløyper med app/audioguide inne og ute. Opne fleire bygg for publikum. Fleire aktivitetar ved einingane. Vedlikehalde og utvikle fleirmedial formidling, prioritere interaktivitet.				
Prosjekt	Stålekleivloftet, Brynesteinhistorie, Industribygdi Lårdal, Rauland kunsthus				
Internt	Oppdatering guideressursar	Oppdatering guideressursar			
Pedagogisk	DKS bygningshistorie DKS bunadsbrodering	DKS bygningshistorie DKS bunadsbrodering			
Planverk	Bruksplan formidlingsbygg	Rullere form.plan for born og unge	Formidlingsplan for folk med særskilde behov		
Utgjeving	Ole Blom bind 3 Bok om Gubbelaget?	Artiklar Stålekleivloft Bok Oline Øverland Fellesbrosjyre SKM	Artiklar Kyrkjesem. og Draumkv.sem.?	Ny brynesteinsbok?	Industribygdi Lårdal?
Tilstellingar og seminar	Draumkv.seminar 5 Vikingdag KB	Draumkv.seminar 6 Kyrkjeseminar	Fagseminar? Vikingdag KB		Vikingdag KB
VTME	Nytt formidlingsbygg Nytt arkeologibygg	AR Stålekleivloftet Kiosk, audioguide og KI rosemåling		Ny permanent brynesteinutstilling	Perm. utstilling Industribygdi Lårdal
NSE	Skisimulator heilt ferdig	Ny Fram?			
ÅVG	Langturen Dykking	Geologiutstilling v3			
AGM	Ny naturstig	Fornying Draumkv.?			
KB	«Drapsklubba»	Låven/høyloftet			Ombygging Utsondhalli?
SKM	Ljos Sørensenhytta	Holmsbu oppfølging	Holmsbu oppfølging		
DVS	Sæbyggesystrene Nytt ljos temp.rom	Rauland kunsthus?	Rauland kunsthus?	Rauland kunsthus?	
KSS					
ØB	Revisjon utstilling 4	Revisjon utstilling 5			
FB	Aktivitetar (lokalt)	Aktivitetar			
MH					

Temporærutstillingar

	2026	2027	2028	2029	2030
VTME	**Irene Haugland** Ny knivutstilling	**Irene Haugland** Ny knivutstilling	**Dette har du aldri sett** Kunstutstilling foajé? Ny knivutstilling	**Industribygdi Lårdal** Kunstutstilling? Ny knivutstilling	
NSE	**Sky Crashers**	**Sky Crashers**	**Noreg på langs** (Arvid Holte)	**Noreg på langs** (Arvid Holte)	
ÅVG					
AGM	Kunstutstilling lokalstyre	Kunstutstilling lokalstyre	Kunstutstilling	Kunstutstilling	
KB	**Anders Kvåle Rue**	Kunstutstilling? Tema?	Kunstutstilling? Tema?		Ombygging?
SKM	Utveksling Holmsbu	Utveksling Holmsbu	Utveksling Holmsbu		
DVS	**Sveinung Svalastoga**	Kunstutstilling	Kunstutstilling	Nytt kunsthus?	
KSS	Kunstutstilling lokalstyre	Kunstutstilling lokalstyre	Kunstutstilling	Nytt kunsthus?	
ØB	**Anne Lofthus** Kunstutstilling i låven 60-tals interiør Most.stoga	Utstillingar støttelaget	Utstillingar støttelaget		
FB	Bygdekvinnelagets utstilling	Bygdekvinnelaget?	Bygdekvinnelaget?		
MH					
Ekstern	Dyrsku'n	Dyrsku'n	Dyrsku'n		